



Høgskolen i Telemark

Rapport og planar (2012-2013)

Høgskolen i Telemark

**Fastsett av styret
8. mars 2013**

1 Innleiing

1.1 Resultatutvikling og nåsituasjon

Høgskolen i Telemark (HiT) er ein statleg høgskole som er underlagt Universitets- og høgskolelova. Verksemdas formål er:

- å tilby høgare utdanning på høgt internasjonalt nivå, med særleg vekt på profesjonsfaga
- å utføre forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid på høgt internasjonalt nivå
- å formidle kunnskap om verksemda og skape forståing for bruk av vitenskaplege og kunstnarlege metodar og resultat, både i offentleg forvaltning, kulturliv og næringsliv.

Resultatrapporten for 2012 byggjer på HiTs årsplan for 2012 og på KDs rapporteringskrav.

Det økonomiske resultatet for 2012 var tilfredsstillande. Balanseførte avrekningar er reduserte med 5,8 mill. kroner frå 71,9 mill. kroner per 31.12.11 til 66,1 mill. kroner per 31.12.12. Ambisjonsnivået for 2012 var at avrekningane skulle reduserast med minst 4,0 mill. kroner. Styret meiner at økonomistyringa i høgskolen er god og at økonomien samla sett er solid. Styret vil peike på at årsresultatet var positivt òg i 2012. HiT har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen korkje i 2011 eller tidlegare år tilbake til 2003, etter overgangen til nytt rekneskapsprinsipp.

Høgskolens strategiske prioriteringar kjem fram i strategisk plan for perioden 2010-2014. Høgskolens strategiske plan blir rullert årleg, seinast i S-sak 9/13 på styremøte 14.02.13. Basert på gjeldande strategiske plan har styret i S-sak 47/12 fastsett eit meir konsentrert og spissa strategidokument. Dei strategiske vurderingane under dette punktet og for planperioden under pkt. 1.2 er knytte opp til hovudpunkta i dette dokumentet.

Universitet

”Høgskolen i Telemark (HiT) skal vidareutvikle universitetsfunksjonane og oppnå universitetsstatus. Strategien for å få dette til kjem til uttrykk i det treårige samarbeidsprosjektet med Universitetet i Agder (UiA).”

Proessen mellom HiT og UiA om eventuell fusjon eller utvida samarbeid gjekk vidare i 2012, og styra ved dei to institusjonane har hatt felles strategisamlingar. Prosjektstyret har hatt totalt 5 møte i 2012, og det har blitt sett i gang om lag 40 faglege og administrative samarbeidsprosjekt. Dei faglege prosjekta er hovudsakleg innanfor teknologi, naturvitenskap og helsefag.

Når det gjeld utvikling av universitetsfunksjonar, vil styret nemne følgjande positive moment:

- NOKUTs styre akkrediterte i februar 2012 nytt doktorgradsstudium i kulturstudiar. KD godkjende etablering av studiet i april 2012, og det starta opp hausten 2012.
- Det er ei god utvikling i talet på stipendiatar i dei tre doktorgradsprogramma.
- Forskningsproduksjonen er aukande. HiT har i 2012 hatt sitt aller beste forskingsår målt i publikasjonspoeng, med ein auke frå 87 publikasjonspoeng i 2011 til 121 i 2012.

Kvalitet og kompetanse

”HiT skal styrkje primærverksemda og oppnå universitetskvalitet m.a. ved å arbeide ut og gjennomføre ein handlingsplan for å vidareutvikle kompetansen i høgskolen. Det skal leggjast særleg vekt på å auke prosentdelen i vitenskaplege første- og toppstillingar.”

Det har vore ein svak auke i prosentdelen første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar i perioden 2009 til 2011. Frå 2011 til 2012 er det ingen vesentleg endring i prosentdelen, og ambisjonsnivået for 2012 på 0,45 er ikkje nådd. I løpet av 2012 er det i samarbeid med

leinga på fakulteta sett i gang eit arbeid med sikte på å betre rekrutteringa til desse stillingane. Sjølv om ikkje prosentdelen har auka, har høgskolen fått inn fleire første- og toppkompetente i 2012 fordi høgskolens totale faglege årsverkstal har auka.

Utdanning

”I denne planperioden skal konsolidering, kvalitetsutvikling og nødvendig omstilling av studieprogram og læringsmiljø, m.a. gjennom styrkt samarbeid internt og eksternt, ha prioritet framfor utviding av fagtilboda.

Det skal såleis ikkje setjast i gong bachelorgradsstudium på nye fagområde. Eksisterande profesjonsutdanningar skal styrkjast kvalitetsmessig.

Nye mastergradsprogram skal vurderast nøye ut frå økonomisk og rekrutteringsmessig berekraft, og om mogleg realiserast i samarbeid med UiA eller andre institusjonar.

Moglege nye doktorgradsprogram skal berre kunne realiserast gjennom eit samarbeid med UiA.

HiTs utdanningsprofil skal framleis vere breispektra og kvile på to berebjelkar:

høgskolens tre doktorgradsprogram og studieprogram som står opp under desse, og dei yrkesretta utdanningane.”

Innan utdanning har det vore ei god utvikling også i 2012.

Studentsøkninga var samla sett svært tilfredsstillande i 2012, og auka i høve til 2011. Talet på primærsøkjarar til HiT auka frå 2576 i 2011 til 2831 i 2012, og HiT styrkte dermed sin marknadsdel frå 2,37 til 2,45.

Talet på eigenfinansierte studentar hadde ein kraftig auke i 2011. Denne heldt fram i 2012 med 5 669 studentar, og inneber ein auke på 5,6 % frå 2011. Talet på heiltidsekvivalentar har auka jamt dei siste åra, noko styret ser som særst positivt. Alle fakulteta hadde vekst i talet på registrerte studentar.

Den samla studiepoengproduksjonen auka med 302 60-studiepoengseiningar frå 2011 til 2012, ein auke på 7 %, og det blei totalt produsert 154 60-studiepoengseiningar meir enn fastsett måltal for 2012. Styret finn òg dette særst positivt.

HiT hadde ein auke i studiepoengproduksjonen per student frå 2011 til 2012, frå 47,9 til 48,6 og resultatmålet for 2012 blei nådd. Høgskolen er òg godt nøgd med dette.

Forskning og utviklingsarbeid

”Forskningsverksemda ved HiT skal styrkjast i omfang og kvalitet, og stå opp under høgskolens utdanningsprofil. Fagleg samarbeid og nettverksbygging internt, nasjonalt og internasjonalt er viktig for å oppnå dette.

Områda med doktorgradsutdanning og praksisnær forskning knytt til profesjonsutdanningane skal prioriterast særskilt ved tildeling av ressursar til FoU.”

NOKUTs styre akkrediterte i februar 2012 nytt doktorgradsstudium i kulturstudiar. KD godkjende etablering av studiet i april 2012, og det starta opp hausten 2012. Dermed er HiT ein av berre to statlege høgskolar som har rett til å tildele doktorgrad på tre område. Styret ser dette som eit uttrykk for HiTs faglege soliditet og kvalitet innan viktige satsingsområde, og for evna til å tenkje, satse og handle strategisk.

Forskningsproduksjonen viste ein vesentleg vekst frå 2011 til 2012, frå 87 til 121 publikasjonspoeng. Dette betyr ein auke på nesten 40 %. Styret er godt nøgd med den positive utviklinga, og ventar ein ytterlegare vekst i forskningsproduksjonen i 2013.

I tillegg har HIT nådd 1000 publikasjonar i publikasjonsarkivet TEORA. Dette blir kreditert i internbudsjettet, og er eit mål i strategisk plan.

Uviklinga innan internasjonalisering har vært god dei seinare åra, der fleire og fleire av fagmiljøa er involverte i internasjonalt samarbeid av ulikt slag. Det er framleis for få utreisande utvekslingsstudentar og

førebels er talet på personalutvekslingar (på 1 måned eller meir) for lågt. HiT vil leggja fram ein intern internasjonaliseringmelding i løpet av våren 2013. Denne vil danne grunnlag for høgskolens vidare strategiske prioritering og utvikling innan internasjonaliseringsområdet.

Samfunnsansvar

"HiT skal vere ein tydeleg og engasjert samfunnsaktør og utvikle samhandlinga med offentlege og private aktørar. I fellesskap med UiA skal HiT arbeide for å utvikle ein samfunnskontrakt."

HiT og UiA har i 2012 etablert eit felles Råd for samarbeid med arbeidslivet.

HiT har eit omfattande og mangslunge samarbeid med både privat næringsliv, offentlig sektor og frivillige organisasjonar. Det er samarbeid m.a. om praksisutplassering, studentoppgåver, entreprenørskapsutdanning, personalutveksling, FoU-opppdrag, utdanningstilbod, konferansar og karriere- og forskingsdagar. Det vert arbeidd målretta med å auke dei eksterne bidrags- og oppdragsinntektene, og tala for 2012 syner at høgskolen er på rett veg. Omfanget av den samla bidrags- og oppdragsfinansierte aktiviteten, alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet, auka med 7,9 mill. kroner i 2012 jamført med 2011.

HiT ønskjer å medverke til auka kommersialisering av forskingsresultat. Det er inngått ein avtale mellom HiT, kommersialiseringsselskapet Coventure og UiA om å samarbeide om kommersialisering av forskingsresultat. HiT har òg gått inn med aksjar i eit nytt inkubatorselskap på Herøya i Porsgrunn som skal identifisere, leggje til rette, utvikle og kommersialisere gode idear til nye vekstbedrifter i heile Telemark. Høgskolen vil gjennom denne satsinga syna relevans og verdiskaping, der m.a. forskning og idear frå eigne tilsette og studentbedrift kan utviklast i inkubatoren.

1.2 Styrets strategiske vurderingar for planperioden

HiT vil ha ein stram budsjettssituasjon i planperioden fram til 2014. Strategiske satsingsområde som t.d. utvikling av universitetsfunksjonar og ut- og ombyggingar for å skaffe betre lokale til studentar og tilsette bind i stor grad opp den totale økonomiske ramma høgskolen har disponibel. Det arbeidast aktivt med å få auka ekstern finansiering i planperioden. Høgskolens langtidsbudsjett medverkar til ei stabil langsiktig prioritering av ressursar. Ei av dei største utfordringane blir å sikre finansiering av nok stipendiatar i høgskolens tre doktorgradsprogram.

Universitet

"Høgskolen i Telemark (HiT) skal vidareutvikle universitetsfunksjonane og oppnå universitetsstatus. Strategien for å få dette til kjem til uttrykk i det treårige samarbeidsprosjektet med Universitetet i Agder (UiA)."

Hovudstrategien fram mot 2015 er å vidareutvikle universitetsfunksjonane gjennom:

1. prioritering og styrking av forskingsklynger og forskarutdanningar
2. aktiv leiarutvikling
3. det treårige samarbeidet med Universitetet i Agder
4. styrka samhandling med nærings- og samfunnsliv.

Styret vil, samstundes med UiA-prosessen, ha fokus på å utvikle høgskolens universitetsfunksjonar vidare i planperioden. Høgskolen har fått på plass 3 doktorgradsstudium og 11 mastergradsstudium. Det vert arbeidd aktivt med å få eit tilstrekkeleg tal stipendiatar inn i dei to siste doktorgradsstudia, kulturstudiar og økologi. Styret vil gje dette arbeidet høg prioritet i planperioden.

HiT har nær 1 000 bachelorstudentar innan økonomi og administrasjon. Gitt at SSB signaliserar eit betydeleg behov for slik arbeidskraft i åra framover, vil etablering av eit godt tilbod også på mastergradsnivå vere viktig og riktig. Difor vil det verta arbeidd vidare med å få etablert eit nytt mastergradsstudium i økonomi og administrasjon, med planlagd oppstart hausten 2014.

Høgskolen har gjennomført eit leiarutviklingsprogram for alle leiarar med personalansvar i 2012, og styret vil ha fokus på at leiarutvikling også vil bli eit sentralt moment i planperioden. Dette har vore viktig for å utvikla ein god kultur for leiing på tvers av organisasjonsmessige- og geografiske grenser, og samstundes sikra ein omforeina forståing og gjennomføring av høgskolens strategi.

I samarbeidsprosjektet mellom HiT og UiA vert det nå i 2013 arbeidd med eit grunnlagsnotat for handsaming i begge styra i juni 2013. I notatet tar ein m.a. sikte på å drøfte ulike scenario og visjonar, ulike institusjons- og organisasjonsmodellar, fagportefølje og samarbeidspotensial. Styra vil bli inviterte til å gje signal om det vidare arbeidet.

Kvalitet og kompetanse

”HiT skal styrkje primærverksemda og oppnå universitetskvalitet m.a. ved å arbeide ut og gjennomføre ein handlingsplan for å vidareutvikle kompetansen i høgskolen. Det skal leggjast særleg vekt på å auke prosentdelen i vitskaplege første- og toppstillingar.”

I rullert strategisk plan er målet at prosentdelen første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal vere på 0,5 innan 2014. Styrets vurdering er at det kan bli vanskeleg å nå denne målsetjinga. Styret vil arbeide aktivt for å auke prosentdelen første- og toppstillingar, og vil i den samanhengen spesielt vurdere å setje av større midlar for å auke kompetansenivået til tilsette i høgskolelektorstillingar.

Utdanning

”I denne planperioden skal konsolidering, kvalitetsutvikling og nødvendig omstilling av studieprogram og læringsmiljø, m.a. gjennom styrkt samarbeid internt og eksternt, ha prioritet framfor utviding av fagtilboda.

Det skal såleis ikkje setjast i gong bachelorgradsstudium på nye fagområde. Eksisterande profesjonsutdanningar skal styrkjast kvalitetsmessig.

Nye mastergradsprogram skal vurderast nøye ut frå økonomisk og rekrutteringsmessig berekraft, og om mogleg realiserast i samarbeid med UiA eller andre institusjonar.

Moglege nye doktorgradsprogram skal berre kunne realiserast gjennom eit samarbeid med UiA.

HiTs utdanningsprofil skal framleis vere breispektra og kvile på to berebjelkar:

høgskolens tre doktorgradsprogram og studieprogram som står opp under desse, og dei yrkesretta utdanningane.”

Utviklinga både i søkninga og i talet på registrerte eigenfinansierte studentar (heiltidsekvivalentar) har vore god dei seinare åra. Måлтаlet for førstevalssøkjarar i Samordna opptak er på 2 900 i 2014 i gjeldande strategiske plan. Styret vurderer det som svært realistisk å nå dette målet, m.a. er det sett eit måltal på 2 950 allereie i 2013. Måltal for registrerte eigenfinansierte studentar (heiltidsekvivalentar) er i strategisk plan sett til 6 000 i 2014. Styret ser det slik at også dette målet er realistisk. Per 01.10.12 var det 5 845 eigenfinansierte studentar (heiltidsekvivalentar) ved høgskolen.

Talet på 60-studiepoengseiningar har òg vore i god utvikling dei seinare åra, med ein auke på 302 frå 2011 til 2012, og eit samla tal på 4 589 60-studiepoengseiningar i 2012. Høgskolen ventar, ut frå veksten i talet på studentar, ytterlegare auke i 2013. Styret vurderer måлтаlet på 4 900 60-studiepoengseiningar i 2014 i gjeldande strategiske plan som realistisk å nå.

I årsplanen for 2013 har styret vedteke fleire tiltak retta mot utdanningsområdet, m.a. tiltak for å forbetre systemet for oppfølging av utdanningsplanane, innføring av nytt system for evaluering av infrastruktur og læringsmiljø, og retningsliner for undervisningsomfang på dei ulike studieprogramma. Styret vil i planperioden såleis sikre og vidareutvikle utdanningskvaliteten ved høgskolen. Auka tal på studentar skaper utfordringar i høve til bygningar og infrastruktur på studiestadene. For å betre lokala for studentane, og for å

skape eit betre studentmiljø, vil styret derfor prioritere midlar til ut- og ombyggingar i 2013 og etterfølgjande år.

Høgskolen har blitt kjent for si satsing på e-læring, spesielt knytt opp mot nettundervisning på Notodden. Styret vil i planperioden leggje ytterlegare vekt på e-læring. I ny målstruktur har styret m.a. vedteke at: *"HiT sine nettbaserte studietilbod skal vere blant dei beste i landet"*. I budsjettet for 2013 er det sett av ekstra midlar for å styrkje e-læring generelt og nettbaserte studietilbod spesielt. Styret er innstilt på å prioritere ytterlegare midlar til å styrke dette feltet i planperioden. I 2013 skal HiT utvikle ein klarare strategi for høgskolens satsing på e-læring, og vurdere korleis arbeidet med å utvikle e-læring vidare skal organiserast.

Styret vurderer samla sett utviklinga innan utdanning som positiv. Styret ventar lågare vekst og utflating i talet på studentar og produserte 60-studiepoengseiningar etter 2014. Hovudgrunnen til dette er at høgskolen diverre i svært liten grad har blitt tilgodesett med nye studieplassar i KDs fordeling i 2012. Dette gjer det svært krevjande for høgskolen å auke talet på studentar innan m.a. ingeniørutdanning, barnehagelærerutdanning, økonomisk-/ administrativ utdanning og helse- og sosialfaglege utdanningar.

Forsking og utviklingsarbeid

"Forskningsverksemda ved HiT skal styrkjast i omfang og kvalitet, og stø opp under høgskolens utdanningsprofil. Fagleg samarbeid og nettverksbygging internt, nasjonalt og internasjonalt er viktig for å oppnå dette.

Områda med doktorgradsutdanning og praksisnær forskning knytt til profesjonsutdanningane skal prioriterast særskilt ved tildeling av ressursar til FoU."

Forskningsverksemda ved HiT er styrka dei seinare åra, m.a. ved oppretting av eiga stilling som viserektor for FoU, sterkare vekt på forskingsleiing, og ved at det er sett av meir midlar internt til forskingsformål. Dette kjem m.a. til uttrykk ved ein vesentleg auke i talet på publikasjonspoeng dei seinare åra. Måлтаlet ligg på 100 publikasjonspoeng i 2014 i gjeldande strategiske plan, eit tal høgskolen alt i 2012 har nådd med god margin. Styret trur at den gode utviklinga i forskingsproduksjonen kjem til å halde fram i planperioden.

Styret ser det òg slik at det er ei svært god fagleg utvikling i dei tre doktorgradsprogramma, m.a. er talet på stipendiatar aukande. Det er ei økonomisk utfordring å ha minst 15 stipendiatar i kvart doktorgradsprogram til einkvar tid, dvs. totalt 45 stipendiatar, som er NOKUTs krav. Høgskolen har berre fått tilført 22 KD-finansierte stipendiatstillingar, noko som er beklagelig. Høgskolen arbeidar likevel hardt for å finansiera stipendiatar. HiTs mål er å ha 52 stipendiatar totalt knytte til dei tre programma i 2013.

Styret vurderer arbeidet med internasjonalisering i høgskolen som godt, men meiner det er rom for vidare vekst og utvikling, spesielt knytt til utreisande studentar. Styret trur måлтаlet på 250 utvekslingsstudentar (ut- og innreisande) i 2014 i strategisk plan kan vere vanskeleg å nå, men ventar likevel vekst opp mot dette måлтаlet innan 2014.

Samfunnsansvar

"HiT skal vere ein tydeleg og engasjert samfunnsaktør og utvikle samhandlinga med offentlege og private aktørar. I fellesskap med UiA skal HiT arbeide for å utvikle ein samfunnskontrakt."

Høgskolen arbeider målretta med å auke dei eksterne inntektene, og auken i 2012 viser at høgskolen er på rett veg. Styret ser framleis måлтаlet på 40 mill. kroner i 2014 i strategisk plan som realistisk, sjølv om det vil vere krevjande å nå.

Styret vil følge opp avtalen med kommersialiseringsselskapet Coventure, og eigarposten i nytt inkubatorselskap på Herøya i Porsgrunn.

1.3 Rapportering om arbeidet i styret

Styret er HiTs øvste organ. Det har 11 medlemmer. HiT fekk nytt styre frå og med 01.08.11, samansett av fem interne, fire eksterne og to studentar. HiT har ekstern styreleiar. Rektor er sekretær for styret.

Et svært sentralt tema i 2012 har vore utgreiingsprosessen mellom HiT og UiA om eventuell fusjon eller utvida samarbeid. Prosessen har vore eit fast tema under informasjonsutvekslinga på alle styremøta i 2012. Det har òg blitt gjennomført eit felles styreseminar mellom HiT og UiA på Fevik 18. september 2012, der dette var hovudtema.

Sentrale saker har elles vore:

- Tilsetjing i nokre av høgskolens leiarstillingar, som viserektor for utdanning, dekan ved Fakultet for allmennvitenskaplege fag og dekan ved Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning.
- Endringar i delegering frå styret til rektor, og justeringar av stillingsomtalar for rektor, viserektor for utdanning, viserektor for FoU, dekanar og direktør.
- Revisjon av retningslinjer for studentanes og dei tilsettes medverknad ved HiT.
- Kartlegging av organisering og oppfølging av offentlege anskaffingar ved statlege universitet og høgskolar, og fastsetjing av tiltaksplan for HiT.
- Fastsetjing av nye etiske retningslinjer for HiT.
- Fastsetjing av nye reglement for Internasjonalt utval, FoU-utvalet, Læringsmiljøutvalet og Utdanningsutvalet.
- Fastsetjing av strategi for samarbeid mellom høgskolen og arbeidslivet for perioden 2012-2014.
- Søknad til KD om å få godkjent etablering av Ph.d.-studium i kulturstudiar.
- Fastsetjing av hovudstrategiar fram mot 2015, som er eit konsentrat av gjeldande strategiske plan.
- Etablering av eit felles Råd for samarbeid med arbeidslivet for UiA og HiT.
- Evaluering av forskingsklyngene ved HiT.
- Intern evaluering av helsesøsterutdanninga ved HiT.
- Endringar i reglar om dokumentasjon ved opptak til studium ved HiT.
- Fastsetjing av revidert handlingsplan for likestilling for HiT for 2013 – 2014.
- Etablering av HiT som Noregs første høgare Fairtrade utdanningsinstitusjon.

I tillegg kjem årlege sentrale saker som årsrekneskap for 2011, revidert budsjett for 2012, budsjettfordeling for 2013, langtidsbudsjett for perioden 2014-2018, prioritering av faglege satsingsområde, fastsetjing av studieporteføljen for studieåret 2013-2014, og resultatkrav og opptaksmåltal for 2013.

Styret har hatt eitt styreseminar i tillegg til dei ordinære styremøta i 2012, utanom det felles styreseminaret mellom HiT og UiA på Fevik 18. september. Seminaret blei gjennomført på Stortinget saman med sentrale politikarar frå Telemark. Hovudtema på dette seminaret var HiTs rolle innan utdanning, samfunnsspørsmål og velferd, og høgskolen si rolle i samband med utfordringar og moglegheiter regionalt og nasjonalt næringsliv.

Styret har lagt vekt på å forvalte og disponere personalressursane og dei økonomiske ressursane effektivt og målretta slik at både KDs årlege resultatkrav blir oppfylde og at langsiktige strategiar og utviklingslinjer blir følgde.

Styret er godt nøgd med at HiT i 2012 ikkje har motteke vesentlege kritiske merknader frå Riksrevisjonen, men er kjent med og stør leiinga sitt vidare arbeid for at høgskolen fullt ut skal etterleve regelverk for BOA, for offentlege innkjøp, og for tidsregistrering og dokumentasjon ved utbetaling av overtidsgodtgjersle.

Styret har innført utsending av elektroniske sakspapir til styremøta og bruk av nettbrett, og finn denne løysinga svært tilfredsstillande.

Kort oppsummert meiner styret at HiTs strategiar og faglege utvikling er i samsvar med dei måla som er fastsette av KD og Stortinget. Styret er òg godt nøgd med det interne samarbeidsklimaet i styret som kollegium og med resultatata av eige arbeid.

2 Resultatrapportering for 2012

2.1 Rapportering på mål

1 Verksemdsmål 1.0: HiT har universitetsetablering, eventuelt vidareutvikling av universitetsfunksjonane i Telemark, som mål.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.

1.1 Styringsparametrar

- a) HiT skal delta i eit institusjonelt forankra samarbeidsprosjekt med Universitetet i Agder med sikte på å utvikle og realisere konkrete fellestiltak av fagleg og administrativ karakter og å greie ut grunnlaget for fusjon eller utvida samarbeid mellom dei to institusjonane.
- b) HiT skal tilby doktorgradsstudium innan teknologi, økologi og kulturstudiar, og søkje samarbeid med Universitetet i Agder om forskarutdanning innanfor helsefag og lærarutdanning.
- c) HiT skal arbeide vidare med utvikling av mastergradsstudium innanfor engelsk og norsk - fagdidaktisk retning og innanfor økonomisk/administrativt område.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Styret for HiT har over lang tid hatt som ambisjon at høgskoleverksemda skal utviklast til universitetsnivå. I starten var ambisjonen å utvikle eit eige universitet i Telemark. Det blir stilt særers omfattande – og aukande – faglege krav til høgskolar som ønskjer å bli vurderte for rekategorisering som universitet. Det har derfor vore ein føresetnad heile tida at det må hentast inn betydeleg ekstern finansiell støtte for å finansiere den faglege nivåhevinga som trengst for å nå målet om å bli universitet.

Styret meinte at HiT ikkje har den naudsynte faglege og økonomiske berekrafta til å realisere universitetsambisjonen åleine. Høgskolen har heller ikkje innan utgangen av 2012 fått inn ekstern finansiell støtte for å finansiere den faglege nivåhevinga som trengst for å nå målet om å bli universitet. Dette arbeidet blir ført vidare, og høgskoleleiinga arbeider målretta og systematisk for å få støtte til finansiering av universitetssettinga i 2013.

Utviklinga i institusjonsstrukturen i sektoren, særleg i dei siste åra, går i sterkare grad enn tidlegare i retning av fagleg og finansiell konsentrasjon gjennom samarbeid og/eller fusjon mellom institusjonar. Slik konsentrasjon vil kunne skape meir robuste fagmiljø, som mellom anna kan medverke til innovasjon og kompetansebasert verdiskaping til nytte for regionalt samfunns- og næringsliv.

HiT har på denne bakgrunnen gått bort frå ambisjonen om eit eige universitet i Telemark. I staden gjennomførte HiT og UiA ei felles utgreiing om utvida samarbeid eller fusjon mellom dei to institusjonane. Rapporten ”*Ett av to? Kartlegging av muligheter for en fusjon eller utvidet samarbeid mellom Høgskolen i Telemark og Universitetet i Agder*” var resultatet av denne utgreiinga, og dei to styra vedtok i september 2011 å opprette eit felles 3-årig prosjekt. Samansetjing og mandat for prosjektstyret er slik:

- 3 medlemmer frå kvart styre: styreleiar, studentmedlem, ekstern representant frå UiA, representant for tilsette ved HiT.
- 3 ikkje-medlemmer av styra: styresekretærene (universitetsdirektøren ved UiA, rektor ved HiT) og viserektorane.
- ein felles tenestemannsrepresentant frå kvar institusjon med tale- og forslagsrett.

Prosjektstyret fekk slikt mandat:

”Prosjektstyret gis ansvar for å utvikle og realisere konkrete fellestiltak av faglig og administrativ karakter mellom HiT og UiA og å utrede grunnlaget for en eventuell fusjon eller et utvidet samarbeid mellom de to institusjonene. Det skal særleg legges vekt på prosjekter som bidrar til å videreutvikle universitetsfunksjonene både i Agder og Telemark, styrke og utvikle profesjonsutdanningene ved de to institusjonene og understøtte begge institusjoners konkurransekraft.”

Prosjektstyret hadde sitt første møte i desember 2011.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) HiT skal delta i eit institusjonelt forankra samarbeidsprosjekt med Universitetet i Agder med sikte på å utvikle og realisere konkrete fellestiltak av fagleg og administrativ karakter og å greie ut grunnlaget for fusjon eller utvida samarbeid mellom dei to institusjonane.

Proessen mellom HiT og UiA om eventuell fusjon eller utvida samarbeid gjekk vidare i 2012, og styra ved dei to institusjonane har hatt felles strategisamlingar. Prosjektstyret har hatt totalt 5 møte i 2012, og det har blitt sett i gang ca. 40 faglege og administrative samarbeidsprosjekt. Dei faglege prosjekta er hovudsakleg innanfor teknologi, naturvitskap og helsefag.

HiT og UiA har etablert eit felles Råd for samarbeid med arbeidslivet.

Det blir arbeid med eit grunnlagsnotat for handsaming i begge styra i juni 2013. I notatet tar ein mellom anna sikte på å drøfte ulike scenario og visjonar, ulike institusjons- og organisasjonsmodellar, fagportefølje og samarbeidspotensial. Styra vil bli inviterte til å gje signal om det vidare arbeidet.

b) HiT skal tilby doktorgradsstudium innan teknologi, økologi og kulturstudiar, og søkje samarbeid med Universitetet i Agder om forskarutdanning innanfor helsefag og lærarutdanning.

HiT tilbyr tre doktorgradsstudium innan teknologi, økologi og kulturstudiar. Doktorgradsstudium i kulturstudiar vart etablert våren 2012. Arbeidet med å utvikla forskarutdanningar innanfor helsefag og lærarutdanningar i samarbeid med UiA er ikkje kome i gang.

c) HiT skal arbeide vidare med utvikling av mastergradsstudium innanfor engelsk og norsk - fagdidaktisk retning og innanfor økonomisk/administrativt område.

Styret ved HiT vedtok i 2012 å leggje til sides arbeidet med å utvikle mastergradsstudium innanfor engelsk og norsk – fagdidaktisk retning. Bakgrunnen var faglege utfordringar på feltet og store endringar i lærarutdanningane. HiT har arbeidd vidare med å utvikle mastergradsstudium innanfor økonomi og administrasjon.

2 Verksemdsmål 1.1: Høgskolen i Telemark skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnet sitt behov.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.

2.1 Styringsparametrar

a) Talet på førstevalssøklarar i Samordna opptak skal vere minst 2 650.

b) Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal vere minst 5 600.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2010	2011	2012	2013
Førstevalssøkjarar i Samordna opptak Frå So 46	2 408	2 576	2 831	2 950
Studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar)	5 048	5 368	5 669	5 842

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Som det går fram av tabellen over, har HiT oppfylt dei aktuelle resultatmåla. Både talet på førstevalssøkjarar og studentar har hatt ei god utvikling, sjølv om det er ein del variasjonar mellom fagområda. Samla sett meiner HiT at verksemdsmålet er nådd.

Utfordringa er å halde fram med å framheve det gode studietilbodet og samstundes bli flinkare til å formidle føremonene med å leve og studere utanom dei større byane.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Førstevalssøkjarar i Samordna opptak skal vere minst 2 650.*

Søkninga på landsbasis til høgare utdanning gjennom SO gjekk opp frå 108 605 i 2011 til 115 764 i 2012. HiT sin del av primærsøkjarane auka frå 2 576 i 2011 til 2 831 i 2012, og HiT styrka dermed marknadsdelen sin frå 2,37 til 2,45. 44,6 % av førstevalssøkjarane til HiT kjem frå Telemark. Talet på søkjarar frå Vestfold og Buskerud ligg på høvesvis 11,4 % og 11,1 %, medan 5,2 % av søkjarane med HiT som førsteval kjem frå Agder. Nett-/samlingsbaserte studium held fram med å rekruttere godt, men studia innan teknologiske fag og lærar- og barnehagelærerutdanning har òg hatt ei gledeleg auke i talet på søkjarar.

b) *Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal auke frå 5 368 til 5 600.*

Talet på eigenfinansierte studentar hadde ein kraftig auke i 2011. Denne heldt fram i 2012 med 5 669 studentar, og inneber ein vekst på 5,6 % frå 2011. Talet på heiltidsekvivalentar har auka jamt dei siste åra, noko HiT ser som positivt. Alle fakulteta hadde vekst i talet på registrerte studentar.

3 Verksemdsmål 1.2: Høgskolen i Telemark skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.

3.1 Styringsparametrar

- Gjennomføring på normert tid skal vere minst 0,88.
- Del uteksaminerte kandidatar av dei som vart tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare.
- Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år skal vere minst 47,9.
- Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere minst 18,7.
- Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 4 435.
- Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar skal vere minst 130.
- Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 900.

- h) Talet på uteksaminerte kandidatar fordelte på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (105), vernepleiarutdanning (35), allmennlærerutdanning (40), førskolelærerutdanning (150) og ingeniørutdanning (160).
- i) Kvalitativ styringsparameter: Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2010	2011	2012	2013
Gjennomføring på normert tid	0,86	0,88	0,87	0,88
Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år	49,2	47,9	48,6	47
Studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	18,8	18,5	18,8	19
Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar	4 136	4 287	4 589	4 570
Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar	119	123	118	130
Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar	760	864	724	900
Talet på uteksaminerte kandidatar fordelte på utvalde område				
• sjukepleie	108	106	104	100
• vernepleie	31	49	32	60
• allmennlærer	72	41	59	40
• førskolelærer	127	158	128	170
• ingeniør	132	149	151	180

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Dette verksemdsmålet blei i all hovudsak nådd i 2012 med unnatak av talet på uteksaminerte bachelorgrads- og mastergradskandidatar. Ei viktig utfordring for 2013 blir å betre gjennomstrøyminga ytterlegare. Det blir arbeidd med ulike tiltak ved fakulteta for å redusere fråfallet og auke studiepoengproduksjonen. HiT starta hausten 2010 ein gjennomgang av alle studieprogramma i samband med implementering av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. I dette arbeidet blir òg undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming, vurdert. HiT har som strategi å vere blant dei beste i Noreg når det gjeld bruk av teknologi innanfor verksemda sine kjerneområde, med spesiell fokus på undervisning. HiT har i meir enn 10 år tilbydd fleksible nettstøtta studium. Det visast i denne samanheng til nærare omtale av fleksibel utdanning på side 22.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) Gjennomføring på normert tid skal vere minst 0,88.

Resultatet på 0,87 er litt under ambisjonsnivået for 2012.

b) Del uteksaminerte kandidatar av dei som vart tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare

Ikkje relevant for HiT i 2012.

c) Nye studiepoeng per eigenfinansiert student per år skal vere minst 47,9.

HiT hadde ein auke i studiepoengproduksjonen per student frå 2011 til 2012, frå 47,9 til 48,6, så resultatmålet for 2012 blei nådd. Høgskolen er godt nøgd med dette.

d) *Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere minst 18,7.*

Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling blei 18,8 og resultatmålet blei nådd.

e) *Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 4 435.*

Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar blei 4 589 i 2012, ein auke på 302 (7 %) samanlikna med 2011. Resultatmålet på 4 435 blei såleis nådd med god margin. Hovudgrunnen til auken er auka opptak av studentar og god gjennomstrøyming.

f) *Talet på uteksaminerte mastergradsstudentar skal vere minst 130.*

118 mastergradsstudentar fullførte i 2012, og det er noko lågare enn resultatmålet. Generelt sett brukar mastergradsstudentane noko meir tid enn planlagt.

g) *Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 900.*

724 bachelorgradskandidatar fullførte i 2012 og resultatmålet blei såleis ikkje nådd. Høgskolen vil analysere nærare kva grunnen er til nedgangen.

h) *Talet på uteksaminerte kandidatar fordelt på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (105), vernepleiarutdanning (35), allmennlærerutdanning (40), førskolelærerutdanning (150) og ingeniørutdanning (160).*

Resultatmåla for uteksaminerte kandidatar blei oppfylde eller langt på veg oppfylde for sjukepleiarutdanninga, vernepleieutdanninga og ingeniørutdanninga. Allmennlærerutdanninga oppnådde målet med god margin, medan førskolelærerutdanninga i 2012 fekk uteksaminert færre enn målet.

i) *Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma.*

HiT starta hausten ein gjennomgang av alle studieprogramma i samband med implementeringa av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket. I dette arbeidet blir òg undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming vurdert. HiTs utdanningsutval fekk i oppgåve å samordne og kvalitetssikre arbeidet. Utvalet kunne ved utgangen av 2012 konstatere at høgskolens studie- og fagplanar i all hovudsak er i samsvar med nasjonalt fastsett kvalifikasjonsrammeverk.

HiT ser på denne styringsparameteren som grunnleggjande for alle utdanningar. For alt arbeid med studieprogram, læringsmiljø, kompetanseutvikling og kvalitetssikring må oppnådd læringsutbytte vere målet. For den einskilde studenten vil graden av oppnådd læringsutbytte for fullført studieprogram bli målt ved karakterane på vitnemålet. Ser ein på høgskolen under eitt, må ein nytte samla tal sjølv om resultata vil variere mellom studieprogram. Slik sett gjev fleire av dei kvantitative styringsparametrane indikasjonar knytte til oppnådd læringsutbytte, for eksempel studiepoengsproduksjon, kandidatproduksjon, gjennomstrøyming m.v. Brukarundersøkingar og alumniordningar vil ytterlegare kunne dokumentere oppnådd læringsutbytte, både individuelt og akkumulert på institusjonsnivå. Slike er per i dag ikkje etablerte på ein systematisk måte ved HiT.

4 Verksamds mål 1.3: Høgskolen i Telemark skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningsamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.

- Verksamds målet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.

4.1 Styringsparametrar

a) Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) skal vere minst 200, av dei 65 utreisande.

b) Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar skal vere minst 10.

c) Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng skal liggje på 900.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2010	2011	2012	2013
Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande)	150	178	186 (ut 46)	200 (av dei 65 utreisande)
Tilsette som blir utveksla via programavtalar (1 mnd. eller meir)	7	1	4	10
Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng	750	830	980	900

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

HiT meiner at verksemdsmålet er rimeleg godt oppfylt for 2012.

Det er framleis for få utreisande utvekslingsstudentar, jamvel om det er ei positiv utvikling. Talet på personalutvekslingar (på 1 måned eller meir) er framleis for lågt.

Med desse atterhalda er høgskolen nøgd med utviklinga i dei seinare åra, der fleire og fleire av fagmiljøa er involverte i internasjonalt samarbeid av ulike slag. HiT er med i to nordiske fellesgradsamarbeid (bachelorgradar i idrett/friluftsliv og i marknadsføring), og er i den avsluttande fasen med å få på plass ein felles europeisk mastergrad i "Water Quality Assessment" saman med eit spansk og eit svensk universitet. Dette er svært positivt. HiT samarbeider òg med ein finsk partner om doktorgradskurs i samband med den praktisk-estetiske delen av doktorgraden i kulturstudier.

Aktivitetane er mange og viser stor breidd. Medan nokre miljø og utdanningar konsentrerer seg om arbeid i nettverk (som intensive program og ulike andre tiltak i regi av formaliserte nettverk), er andre miljø involverte i store, fleirårige prosjekt med mål å bidra til å utvikle utdanningsprogram i ulike land som Sri Lanka (TF), Ukraina (TF og EFL), Georgia og Kirgisistan (AF) og Malawi (HS). Fleire miljø er aktive med søknadar om midlar til ulike program. Jamvel om ikkje alle lukkast, er det positivt med aukande interesse og vilje til å involvere seg i slike prosjekt. Vi har sett at dei miljøa som blir aktive i samarbeidsprosjekt, får erfaring og inspirasjon til å gå inn i andre former for internasjonalt samarbeid og at det fort blir fruktbare synergieffektar av slike prosjekt.

Høgskolen vil peike på at den totale internasjonale aktiviteten er høgare i 2012 enn han har vore noko år tidlegare. Det er mange søkjarar til dei midlane vi utlyser internt til støtte for internasjonalt samarbeid. Det er fleire søknadar om deltaking i internasjonale program, og fleire miljø er med. Fleire miljø enn tidlegare har tilbod om enkeltemne eller kortare program på engelsk, jamvel om ikkje alle emne kjem med i rapporteringa til DBH av di mange av emna er mindre enn 10 studiepoeng.

Talet på utanlandske gradsstudentar aukar år om anna. Det er bestemt at ei spesialisering innanfor mastergraden i natur-, helse- og miljøvern vil bli tilbydd på engelsk. Mastergraden i tradisjonskunst blir lagt til rette for undervisning på engelsk for internasjonale studentar. Dette kjem i tillegg til dei tre mastergradane i teknologi. Fleire lågare grads studium har enkeltemne som blir underviste på engelsk som del av den ordinære studie-/fagplanen (mellom anna sjukepleiarutdanninga og ingeniørutdanninga), men også ved AF blir fleire emne som inngår i internasjonale program nytta i dei ordinære programma.

Alle fakulteta ved HiT arbeider godt med å utvide det internasjonale samarbeidet, jamvel om det framleis er miljø som kunne ha vore meir aktive. Utviklinga er positiv. Leiinga på institusjons- og avdelingsnivå legg vekt på internasjonalisering som eit viktig kvalitativt aspekt ved verksemda, og eit viktig element i konkurransen om både studentar og fagpersonar. I 2012 starta eit arbeid med å leggje fram ei omfattande

melding om internasjonaliseringsverksemda for styret. Arbeidet vil bli avslutta i 2013 og skal vere eit grunnlag for å vurdere vidareutvikling av høgskolens strategi for internasjonalisering.

Høgskolen har eit godt utbygd internasjonalt nettverk, og arbeider aktivt for å kople saman ulike fagområde i høgskolen når det gjeld internasjonalisering og for å introdusere nye fagmiljø til etablerte avtalepartnerar. Kina-samarbeidet femner nå om aktivitetar ved TF og EFL. Lærarutdanning, natur- og miljøvern fag og teknologiske fag satsar felles på eit samarbeid med University of Pune, India. HiT er med i ei rad Nordplus- og Erasmusaktivitetar, har fleire større prosjekt innanfor utdanning mellom anna med stønad gjennom SIU (NOMA- og Eurasia-programma). TF, AF og EFL er alle involverte i prosjekt under Eurasia-programmet. HiT har nå samarbeid med partnerar i dei fleste av dei geografiske områda som har vore prioriterte dei siste åra, mellom anna Kina, India, USA, Canada, Sør-Afrika og EU-området.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande) skal vere minst 200, av dei 65 utreisande.

Studentutvekslinga totalt (ut + inn) auka monaleg frå 2009 til 2010, og auka ytterlegare i 2011 til 178. Høgskolen justerte resultatmålet til 200 (derav 65 utreisande) for 2012 og meinte dette var realistisk. Resultatet for 2012 blei 186, omlag som for 2011. Av desse var 46 utreisande. Det er 5 fleire enn i 2011.

Det er positivt at talet på utreisande er høgare enn i 2011, men det går seinare enn høgskolen såg føre seg å få til monaleg auke i talet på utreisande studentar. Høgskolen vil likevel peike på at det ser ut til å vere ei gledeleg utvikling på dette feltet. Fakulteta melder at fleire utdanningar har lagt om studia sine så det skal bli lettare å reise ut i tre månadar eller meir (til dømes sjukepleiar- og sosialfagstudia). Fleire mastergradsstudentar ser ut til å reise ut enn tidlegare. TF melder at dei mellom anna har fire studentar i Kina i studieåret 2012/2013, og fleire er klare til å dra til Australia for vårsemesteret 2013.

Tiltak for å auke talet på utreisande studentar har vore høgt prioritert i 2012. Mellom anna er det peika ut eit institutt for eit pilotprosjekt for auka studentutveksling ved AF. Det er sett av midlar sentralt, og lagt ein konkrete planar for reiser m.v. Målet er at instituttet skal få til eit best mogleg organisert opplegg for studentane, med betre informasjon, nokre få, utvalde partnerar og betre tilvising i studieplanane. Eit anna mål er at pilotprosjektet skal fungere som mal for andre institutt for betre rettleiing og organisering.

Særleg profesjonsutdanningane har hatt problem med å leggje til rette for opphald ute i 3 månadar eller meir. Men fleire av desse utdanningane har gode opplegg for kortare opphald i utlandet, til dømes som praksisopphald eller som tilbod om deltaking i nettverksamlingar, intensive program og liknande. Det er meldt at talet på studentar som har vore ute på kortare opphald er om lag som for 2011, dvs. i overkant av 70 studentar. Det er mellom anna meldt om følgjande: 13 førskolelærarstudentar til Kina for å ha praksis, 9 lærarstudentar til Finland, Danmark og Latvia på nettverksamlingar i naturfag og kroppøving, 10 sosialfagstudentar i praksis i Tanzania, Filippinane og Thailand, 5 sjukepleiestudentar i praksis i ein månad i Tanzania og 1 i Spania, fleire studentar frå økonomisk-administrative fag til ei europeisk samling innanfor eit stort europeisk nettverk innan marknadsføring.

b) Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar (opphald på minimum ein månad) skal vere minst 10.

Fire personar har vore ute på eit fagleg opphald av tilstrekkeleg lengd til å bli rapportert i statistikken – to fast tilsette og to stipendiatar. Høgskolen er nøgd med at talet er høgare enn i fjor, men ikkje med talet totalt. Seks tilsette frå partnerinstitusjonar har hatt lange utvekslingsopphald ved HiT. Av desse er 4 utvekslingar knytte til doktorgradsutdanningane i økologi (3) og teknologi (1 - stipendiat med stipend frå Eurasia-programmet).

Høgskolen har ikkje faste ordningar for fagleg oppdatering eller forskingsfri, og heller ikkje særskilde stipendordningar. Det er derfor vanskeleg å få til lengre opphald i utlandet. Høgskolen vil vurdere kva som kan gjerast for å få til fleire utvekslingar av noko lengd.

Av rapporteringa frå fakulteta går det elles fram at totalt 72 (71 i 2011) tilsette har vore på kortare utvekslingar i utlandet (1- 3 veker). Av desse har 20 vore Erasmus-utvekslingar, 24 i Nordplus-regi og 26 under bilaterale aktivitetar. 5 administrativt tilsette har vore med på Erasmus-utvekslingar. Talet på

personalutvekslingar som har vore gjennomførte med Erasmusstipend har auka frå 2011 til 2012). Høgskolen har nytta sentrale midlar som ekstra stimulering til fakulteta for å auke utvekslinga med Erasmus-partnarar.

101 personar frå HiT sine partnerar har vore på utvekslingsopphald til HiT i 2012 (79 i 2011), dei fleste på Erasmus- eller Nordplusaktivitetar. Dette syner at tilsette ved HiT er aktive i internasjonalt samarbeid og at høgskolen har eit stort og aktivt internasjonalt nettverk.

c) Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng skal liggje på 900.

Totalt omfang på utdanningstilbod som blir underviste på engelsk blei 980 studiepoeng i 2012, noko meir enn i 2011. Dette er positivt. Eit godt tilbod på engelsk er ein føresetnad for å byggje ut gode nettverk med tosidig utveksling og anna internasjonalt samarbeid om utdanning.

HiT har eit godt tilbod av kortare studieprogram (med lengd på eitt til to semester) innan ulike fagområde med undervisning på engelsk. I 2012 hadde HiT 11 ulike program av denne typen (tre fleire enn i 2011) innanfor økologi/miljøforvaltning, økoturisme, økonomisk-administrative fag, friluftsliv, kroppsøving, folkemusikk og forming. I tillegg blir tre mastergradar i teknologi underviste på engelsk, og det er teke avgjerd om at ei spesialisering innanfor mastergraden i natur-, helse og miljøvern skal bli undervist på engelsk frå hausten 2013. Det er bestemt å leggje ned eit 60-studiepoeng-program i ”Ecotourism and Sustainability” i 2012, men det er planar om å etablere eit anna tilbod knytt til eit større internasjonalt prosjekt. Doktorgradane i teknologi og økologi blir underviste/rettleia på engelsk, men er ikkje med i talet her.

Det er ein utfordring å integrere utanlandske og norske studentar når dei fleste av dei utanlandske studentane går på dei kortvarige engelskspråklege studietilboda. Høgskolen oppfordrar derfor til at fleire av emna knytte til desse studia blir integrerte i dei ordinære norskspråklege studieprogramma for å få eit meir internasjonalt studentmiljø og betre møte mellom norske og utanlandske studentar, og for at norske studentar skal få øving i å nytte engelsk som fagspråk.

5 Verksemdsmål 2.1: Høgskolen i Telemark skal gjennom nasjonalt og internasjonalt samarbeid tilby forskarutdanning av høg kvalitet. Forskarutdanninga skal vere innretta og dimensjonert for å stette behova i sektoren og samfunnet elles.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal, i tråd med sin eigenart, utføre forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.

5.1 Styringsparametrar

a) Eigendefinert: Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT skal vere 5.

b) Eigendefinert: Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for skal vere 8.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2010	2011	2012	2013
Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT	-	-	5	7
Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for	-	7	12	11

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Doktorgradsstudium innan prosess-, energi- og automatiseringsteknikk blei akkreditert av NOKUT i 2009, og hausten 2009 starta studiet opp. Det innebar at dei første kandidatane blei uteksaminerte i 2012. Totalt blei 5

kandidatar uteksaminerte frå dette doktorgradsprogrammet i 2012. Samstundes blei to kandidatar frå same fakultet uteksaminerte frå andre institusjonar i 2012.

Doktorgradsstudium innan økologi blei godkjent oppretta av KD hausten 2010. Programmet starta opp hausten 2011. Det er mogleg at ein kandidat, den første, vil disputere under dette programmet i 2013.

I 2012 blei høgskolens tredje doktorgradsprogram, i kulturstudiar, starta opp. Det er ikkje venta at nokon frå dette programmet vil disputere før tidlegast i 2015.

HiT har ei rad stipendiatar/doktorgradsstudentar som er tekne opp på doktorgradsprogram ved andre institusjonar. I 2012 tok 7 av desse doktorgraden. Det er same tal som i 2011. Sidan HiT nå har 3 egne doktorgradar, er det venta at talet på stipendiatar som disputerer ved andre institusjonar, gradvis vil minke.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT skal vere minst 5.*

Det endelege talet avlagde doktorgradar på eige program blei 5 i 2012. Det er dei første kandidatane høgskolen sjølv har uteksaminert.

b) *Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for skal vere 8.*

Verksemdsmålet blei sett til 8 avlagde doktorgradar i 2012, og talet blei 12. Dette er om lag ein firedel av det totale talet PhD-kandidatar. Det synast som om gjennomstrøyinga av kandidatar blei merkbar betra i 2012.

6 Verksemdsmål 2.4: Høgskolen i Telemark har som statleg høgskole eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen. Samstundes skal høgskolen innrette forskingsinnsatsen sin slik at det vert oppnådd resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde der høgskolen tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal, i tråd med sin eigenart, utføre forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.

6.1 Styringsparametrar

- Talet på publikasjonspoeng skal vere minst 90.
- Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal liggje på minst 0,25.
- Tildeling frå Forskningsrådet skal vere på minst 7 mill. kroner.
- EU-tildeling (ikkje resultatmål).
- Talet på nye publikasjonar i TEORA skal vere 50.
- Kvalitativ styringsparameter: Resultatoppnåing i forskning i høve til høgskolens eigenart.
- Kvalitativ styringsparameter: Samspel mellom forskning og utdanning.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2010	2011	2012	2013
Talet på publikasjonspoeng	80,5	86,8	121,5	120
Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,25	0,23	0,32*	0,33
Tildeling frå Forskringsrådet			7 239 483**	7 000 000
EU-tildeling	0	0		300 000
Talet på nye publikasjonar i TEORA	39	24	61	60

*Basert på 121,5 publikasjonspoeng (føreberelse tal)

** Inkludert midlar frå regionale forskingsfond =1 100 000

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

HiT har i 2012 hatt sitt aller beste forskingsår målt i publikasjonspoeng. Aldri har det blitt publisert så mykje av tilsette ved høgskolen, korkje i absolutte tal eller målt som gjennomsnitt per UFF stilling. HiT leverer flest forskingsarbeid innanfor dei 3 områda der HiT har doktorgradsprogram, økologi, teknologi og kultur. I underlagsmaterialet ser høgskolen òg at stadig fleire av publikasjonane frå HiT er i nivå 2-tidsskrift. HiT held også fram med å gjere vitenskaplege arbeid tilgjengelege for alle i det opne arkivet TEORA. Veksten i forskingsproduksjonen skuldast m.a. at det blir lagt større vekt på publisering, fleire eigne stipendiatar og også tiltak for å "gjere stas på" forskinga. HiT har m.a. delteke i forskings Grand Prix (der høgskolen fekk ein tredjeplass i den nasjonale finalen), og har for første gong delt ut ein forskingspris på 50 000 kroner.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Talet på publikasjonspoeng skal vere minst 90.*

Føreberelse tal syner ein markant auke i publikasjonspoeng frå 2011 til 2012. Talet ligg per 21 februar 2013 på 121,5 publikasjonspoeng.

b) *Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal liggje på minst 0,25.*

Dei endelege tala for 2012 ligg ikkje føre ennå, men førebelse tal syner ein markant vekst frå 2011 til 2012. Talet er i månadsskiftet januar/februar 2013 på 0,32 poeng, ein auke frå 0,24 poeng i 2011. Veksten i talet på publikasjonspoeng er større i reine tal enn per UFF-stilling, av di talet på tilsette i UFF-stillingar har auka.

c) *Tildeling frå Forskringsrådet skal vere minst 7 mill. kroner.*

Tildelinga frå Forskringsrådet var på 6 139 483 kroner i 2012. Det er ein nedgang på 146 199 frå i fjor. Tildeling frå Regionale forskingsfond (Oslofjordfondet) er 1 100 000 kroner, ein auke på 500 000 frå 2011.

d) *EU-tildeling (ikkje resultatmål).*

I 2012 fekk høgskolen eit ERC-prosjekt med verdi € 75 000. Prosjektet er tildelt ein person som ikkje var tilsett ved HiT då prosjektet blei innvilga frå EU, men som sidan er tilsett og som tek med seg prosjektet til høgskolen. Prosjektet er ein milepæl for høgskolen, og HiT trur det skal vere mogleg å trekkje erfaring ut frå prosjektet som kan gje synergjar internt. Så langt i 2013 er det kjent at høgskolen vil delta på to EU-søknadar på vårparten i år.

I tillegg deltek HiT i EU-nettverket for høgskolar (og Universitetet i Nordland). I nettverket blir det lagt vekt på kursing, motivering og hjelp til å søkje om forskingsmidlar frå EU. Førebuing til Horisont 2020 er sentralt i nettverket, og nettverket skal i 2013 halde kurs for m.a. mellomleiarar og økonomimedarbeidarar.

Samstundes er det sett av 600 000 kroner til EU-satsing i 2013. Midlane skal nyttast til konsulenthjelp, språkvask og anna knytt til EU-søknadar.

Høgskolen er òg i gang med ein prosess for å slutte seg til Charter & Code, og håper å få løyvinga i løpet av 2013.

e) *Talet på nye publikasjonar i TEORA skal vere 50.*

Talet på publikasjonar i TEORA blei 78 i 2012. Det er ein markant auke frå 2011, og godt innanfor måltal for 2012.

f) *Resultatoppnåing i forskning i høve til høgskolens eigenart.*

Forskinsinnsatsen til HiT, og resultata, heng saman med institusjonens fagprofil generelt, ved at forskingsverksemda ligg innanfor dei fagområda der ein har studietilbod. Samstundes er forskingsverksemda med på å definere og utvikle fagprofilen. Høgskolen har utvikla doktorgradsprogram innanfor områda teknologi, økologi og kultur. Derfor er høgskolen oppteken av at talet på stipendiatar, talet på avlagde doktorgradar og profilen på publiseringane som høgskolen står for, speglar denne satsinga. Vidare skal høgskolen prioritere tverrfagleg og praksisnær forskning som stør opp under institusjonens utdanningsprofil, med m.a. store profesjonsutdanningar. For å sikre god rekruttering til eigne faglege satsingsområde er det viktig med stabil rekruttering frå eigne mastergradsutdanningar.

Høgskolen har i 2012 øymerkt ca. 13 mill. kroner til dei 3 doktorgradsprogramma. Desse midlane skal dels gå til undervisning og rettleiing, og dels til forskning innanfor doktorgradsområda. Vidare har høgskolen finansiert 11 stipendiatar av eigne midlar (i tillegg til dei 22 frå departementet). Desse er i hovudsak gått til å styrkje rekrutteringa til dei 3 doktorgradsprogramma. I 2012 har HiT om lag 40 stipendiatar på eigne program, og talet er venta å stige til om lag 50 i løpet av 2013.

g) *Samspel mellom forskning og utdanning.*

Det er viktig at HiTs utdanning og forskning styrkjer kvarandre gjensidig. Forskinsinnsatsen bør i stor grad knytast opp mot område som står sentralt i høgskolens studieprogram, og studietilboda som høgskolen er ansvarleg for bør så langt som råd vere baserte på emne der HiTs eigne tilsette har drive forskning. Slik blir institusjonens forskning direkte relevant for studia, og studia blir verkemiddel for å forstå, utfordre og kritisere forskinga. Nærkontakt mellom eiga forskning og eigne studieprogram er eit ideal for høgskolen, og slik nærkontakt gjer at høgskolen òg vil kunne rekruttere studentar frå HiT til eigne doktorgradsprogram. Det er i dag mogleg å gå vidare til eitt av dei tre doktorgradsprogramma frå alle høgskolens mastergradsprogram, sjølv om somme sjølv sagt har ein meir direkte samanheng enn andre. Konkret inneber denne ambisjonen at dei tilsette i størst mogleg grad skal integrere eiga forskning i undervisninga, og at dei òg bør invitere studentar med som deltakarar i FoU-arbeid. Vidare vil fleire første- og toppstillingar gje sterkare forskingsbasert undervisning.

Høgskolen har mange profesjonsutdanningar som står nær praksisfeltet og ofte har ei tverrfagleg tilnærming. Dette bør implisere forskning som tar utgangspunkt i og belyser eitt eller fleire praksisfelt, og som i neste omgang undersøker og analyserer desse felta med eit tverrfagleg blikk.

Høgskolen ser at både økologi-, teknologi- og kulturdoktorgraden rekrutterer studentar frå høgskolens eigne mastergradsstudium. HiT legg òg vekt på at det skal vere konkurranse om stipendiatstillingane som blir lyste ut, slik at HiT skal tiltrekkje seg gode kandidatar frå inn- og utland. Spesielt til doktorgradsprogramma i økologi- og teknologi har høgskolen hatt stor søkning frå internasjonale studentar.

7 Verksemdsmål 3.1: Høgskolen i Telemark skal gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal vere ein tydeleg samfunnsaktør og medverke til formidling, internasjonal, nasjonal og regionale utvikling, innovasjon og verdiskaping.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Høgskolen har hatt mange mediebidrag i 2012. Den reelle mengda av formidling og deltaking i offentlig debatt er høgare enn talet på registrerte mediebidrag. Det skuldast mellom anna at det ikkje er plikt til å rapportere formidling, og at det heller ikkje gjev økonomisk uttelling for høgskolen korkje internt eller eksternt. Mykje som fell inn under formidlingsomgrepet vert derfor ikkje registrert nokon stad.

- 8 Verksamds mål 3.2: Høgskolen i Telemark skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.
- Verksamds målet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal vere ein tydeleg samfunnsaktør og medverke til formidling, internasjonal, nasjonal og regionale utvikling, innovasjon og verdiskaping.

8.1 Styringsparametrar

- a) Inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (BOA) (KDs definisjon) skal auke til minst 10 mill. kroner.
- b) Omfanget av den samla bidrags- og oppdragsfinansierte aktiviteten (BOA), alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet, skal vere minst 30 mill. kroner.
- c) Resultat av oppdragsfinansiert verksemd skal auke til minst 600 000 kroner.
- d) Kvalitativt styringsparameter: Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.
- e) Kvalitativt styringsparameter: Fleksibel utdanning.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2010	2011	2012	2013
Inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (BOA) (KDs definisjon)		7,9	12,2	8
Omfanget av den samla bidrags- og oppdragsfinansierte aktiviteten (BOA), alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet	26,1	25,1	33,0	30
Resultat av oppdragsfinansiert verksemd skal auke til minst 600 000 kroner	502 000	392 000	551 000	600 000

Oppnåing og analyse (overordna for verksamds målet)

HiT har eit omfattande og mangslunge samarbeid både med privat næringsliv, offentlig sektor og friviljuge organisasjonar. Det er samarbeid m.a. om praksisutplassering, studentoppgåver, entreprenørskapsutdanning, personalutveksling, FoU-opdrag, utdanningstilbod, konferansar og karriere- og forskingsdagar. Gjennom desse samarbeidsarenaene medverkar høgskolen i samfunns- og næringsutviklinga. Det blir arbeid målretta med å auke dei eksterne bidrags- og oppdragsinntektene, og tala for 2012 viser at høgskolen er på rett veg.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) Inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (BOA) (KDs definisjon) skal auke til minst 10 mill. kroner.

Desse inntektene auka med 4,3 mill. kroner i 2012, og over 2 mill. kroner meir enn målsetjinga for 2012. Dette skuldast fleire store prosjekt, m.a. Aktiv omsorg og Telemarks historie.

b) Omfanget av den samla bidrags- og oppdragsfinansierte aktiviteten (BOA), alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet, skal vere minst 30 mill. kroner.

Omfanget av dei samla eksterne inntektene har auka med 7,9 mill. kroner i 2012 jamført med 2011. Dette kjem mellom anna av auka tilskot frå andre statlege forvaltningsorgan. Her kan nemnast bidrag frå Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) til samarbeid med partnerar i Kirgisistan, Georgia, Ukraina og Hviterussland og frå Barne- og likestillingsdepartementet til vidareutdanninga Barnevern i minoritetsperspektiv.

c) Resultat av oppdragsfinansiert verksemd skal auke til minst 600 000 kroner.

HiT lukkast langt på veg med å nå målsetjinga om å auke resultatet av oppdragsfinansiert verksemd i 2012. Resultatet blei eit overskot.

d) Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.

HiTs samarbeid med omgjevnadene kjem til uttrykk på ei rekke ulike måtar, m.a. gjennom praksisplassar, studentoppgåver, fagråd, etter- og vidareutdanningstilbod, forskingssamarbeid, felles arrangement og ulike samarbeidsavtalar. Vidare arbeider høgskolen for nærkontakt med omverda gjennom brubyggjande arrangement som karrieredagar og forskingsdagar. Figuren nedanfor viser eit skjematisk oversyn over eksterne kontaktpunkt:



Høgskolen er oppteken av at studia skal vere relevante for det nasjonale, regionale og lokale arbeidslivet. Vidare skal HiT motivere og kvalifisere studentane for innovasjonsarbeid og entreprenørskap, m.a. gjennom arbeidet med gründercamp og studentføretak. For å fremje kontakten med arbeids- og samfunnsliv har HiT saman med UiA oppretta eit felles råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) for Agder og Telemark. RSA skal medverke til å utvikle eit godt og systematisk samarbeid mellom utdanningsinstitusjonane og samfunns- og arbeidslivet i Agderfylka og Telemark.

Som del av samarbeidsprosjektet mellom UiA og HiT er det gjennomført ei felles kartlegging av eksterne relasjonar. Dette oversynes skal nyttast som eit grunnlag for å utforme ein «samfunnskontrakt» saman med arbeids- og samfunnsliv med tanke på å styrkje institusjonane si rolle som utviklingsaktørar i regionen. Kartlegginga syner at hovudvekta av eksterne kontaktar med bedrifter/etatar er praksisplassar og hospitering for studentar, ca. 36 %, medan FoU-samarbeid og samarbeid om utvikling av kurs- og utdanningstilbod dekkjer ca. 16 % av dei eksterne relasjonane. Mykje ekstern kontakt går òg via bruk av gjesteforelesarar, samarbeid med bedrifter om studentoppgåver og karriere- og arbeidslivsdagar, ca. 17 %.

HiT ønskjer å medverke til auka kommersialisering av forskingsresultat. Det er inngått ein avtale mellom HiT, kommersialiseringselskapet Coventure og UiA om å samarbeide om kommersialisering av forskingsresultat. HiT har òg gått inn med aksjar i eit nytt inkubatorselskap på Herøya som skal identifisere, leggje til rette, utvikle og kommersialisere gode idear til nye vekstbedrifter i heile Telemark. Høgskolen vil gjennom denne satsinga syna relevans og verdiskaping, der m.a. forskning og idear frå eigne tilsette og studentbedrift kan utviklast i inkubatoren. Samstundes vert det satsa vidare på entreprenørskapsutdanninga ved HiT, og våren 2012 tok 19 studentbedrifter eksamen. Studentbedrifta Utilia SB frå TF vann FERD-prisen under NM i Studentbedrift og fekk pris for størst internasjonalt potensial i EM i studentbedrift.

e) Fleksibel utdanning.

HiT har som strategi å vere blant dei beste i Noreg når det gjeld bruk av teknologi innanfor verksemda sine kjerneområde, med spesiell fokus på undervisning. HiT har i meir enn 10 år tilbydd fleksible nettstøtta studium.

Nett- og samlingsbaserte kurs

HiT har bygd opp ein stor studieportefølje på nett, både enkeltemne og heile studieprogram. Dette er både bachelor-, master- og vidareutdanningar. Studietilboda som er retta mot skole og barnehage, er i hovudsak synkrone nettstudium. Innan sjukepleie og vernepleie er det tilbod om fleksible og delvis nettbaserte studieprogram og vidareutdanning. I tillegg vert det tilbydd årseiningar innan historie, norsk, engelsk og naturfag.

HiT har blitt tildelt prosjektmidlar frå Noregsuniversitet til å etablere eit mastergradsstudium innanfor ingeniørfag. Det er planen å starte opp hausten 2013.

Opptak og produksjon av læringsressursar

HiT gjer opptak av utvalde førelesingar. Desse blir gjort tilgjengeleg for studentane via Fronter, og er retta mot intern bruk. I tillegg blir det produsert diverse undervisningsvideoar. Biblioteket har òg produsert opplæringsvideoar. Det er planlagt å produsere fleire digitale læringsressursar i 2013 til bruk i kombinasjon med "Flipped classroom".

Korleis arbeidet med fleksibel utdanning er nedfelt i HiTs styringsdokument og korleis dette blir følgt opp
Arbeidet med fleksibel utdanning er nedfelt i HiTs strategiske plan. Det er etablert eit e-læringsnettverk med representantar frå fakulteta, IT og bibliotek. Nettverket blir koordinert av Utdanningsseksjonen. Det overordna formålet er å medverke til auka bruk av IKT i undervisning og læring, både for campusbaserte og nettbaserte utdanningstilbod. E-læringsnettverket arbeider ut årlege tiltaksplanar som spesifiserer planlagde aktivitetar. I 2012 var det fokus på følgjande område:

- Etablering av nettsider med relevant informasjon om e-læring.
- Evaluere og tilrå løysing for synkron nettbasert undervisning.
- Evaluere og tilrå løysing for produksjon av digitale læringsressursar.
- Tilby opplæring til fagleg tilsette i utvalde verktøy og pedagogisk bruk av desse.
- Medverke til at rom blir tilpassa nettundervisning.
- Utlyse og tildele interne prosjektmidlar knytte til e-læringstiltak.
- Delta i prosjekt for å gjennomføre digital skriftleg skoleeksamen (samarbeid med UiA).

Deltaking i eCampus

HiT hadde ein deltakar med i prosjektgruppa som arbeidde med felles løysing for nettmøte/nettundervisning. HiT er brukar av både Adobe Connect og Nefsis. I tillegg nyttar ein m.a. Camtasia Relay til å produsere digitale læringsressursar. HiT vil skaffe ny løysing for opptak/arkivering/publisering, og eCampus sine løysingar for dette (Mediasite og Matterhorn) vil bli evaluert.

9 Verksemdsmål 4.1: Høgskolen i Telemark skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane og syte for høg kvalitet i økonomiforvaltninga.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med si samfunnsrolle.

9.1 Styringsparametrar

- Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekivalent korrigert for løns- og prisvekst skal ikkje vere over 93 000 kroner.
- Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal ikkje vere over 63,5.
- Avrekningar (gjennomføringa av budsjettet i rekneskapsåret) skal vere minus 4 mill. kroner.
- Høvetalet mellom vitenskapleg og administrativt tilsette skal vere 2,40.
- Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 14 kvm.
- Kvalitativ styringsparameter: Langsiktig økonomisk planlegging.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2010	2011	2012	2013
Kostnader per eigenfinansiert heiltidsekivalent korrigert for løns- og prisvekst skal ikkje vere over kr 93 000	93 969	92 377	93 966	-
Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal ikkje vere over 63,5	63,5	63,9	65,6	68,0
Avrekningar (gjennomføringa av budsjettet i rekneskapsåret) (mill. kroner) skal vere minus 4 mill. kroner	14,4	5,9	-5,8	-10,0
Høvetalet mellom vitenskapleg og administrativt tilsette skal vere 2,40	2,30	2,40	2,40	2,40
Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 14 kvm	13,7	13,0	11,8	14,0

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

HiT meiner at dette verksemdsmålet må seiast å vere nådd på dei mest vesentlege områda.

Resultat av ordinære aktivitetar i 2012 er eit meirforbruk på 5,2 mill. kroner. Tilsvarande var resultat av ordinære aktivitetar i 2011 eit mindreforbruk på 6,3 mill. kroner. Høgskolen budsjetterte med eit meirforbruk i 2012 for å redusere oppsamla mindreforbruk frå tidligare år.

Inntektene frå løyvings- og bidragsfinansiert aktivitet som ikkje er nytta ved rekneskapsavslutninga, blir sette av i balansen som ei forplikting. Balanseførte avrekningar er reduserte med 5,8 mill. kroner (-8,1 %) frå 71,9

mill. kroner per 31.12.11 til 66,1 mill. kroner per 31.12.12. Ambisjonsnivået for 2012 var at avrekningane skulle reduserast med minst 4,0 mill. kroner i 2012.

Følgjande tabell syner utviklinga i avsetjingar for perioden 2008-2011 (tal i mill. kroner):

	31.12.2006	31.12.2007	31.12.2008	31.12.2009	31.12.2010	31.12.2011	31.12.2012
Ordinær drift	21 852	19 631	19 290	35 269	46 082	47 953	40 804
Forskarutdanning	9 412	12 259	14 298	11 796	14 507	19 672	15 742
Investeringar	8 242	12 174	2 804	2 580	1 999	461	6 289
Sum Kunnskapsdepartementet	39 506	44 063	36 392	49 647	62 588	68 086	62 835
Andre departement og statlege etatar			30				
Noregs forskingsråd	4 377	4 840	3 331	1 907	3 389	4 040	3 243
Regionale forskingsfond						-287	-24
Sum departement og statlege etatar	43 883	48 903	39 753	51 554	65 977	71 840	66 053
Sum avsett del av tilskot til statleg finansiert aktivitet	83 389	92 966	76 145	101 201	65 977	71 840	66 053

Kostnadsveksten i 2012 gjeld løn. Kostnadene til løn i 2012 auka med 40,6 mill. kroner (11,2 %) i høve til 2011. Andre driftskostnader auka med kr 5,5 mill. kroner (2,8 %). Driftsinntektene auka med 35,6 mill. kroner (6,2 %) frå 2011 til 2012. Av dette utgjer kompensasjon for løns- og prisvekst ca. 3,1 %.

Auka kostnader til løn skuldast fleire årsverk og auka pensjonsatts. Talet på årsverk auka med 35 (6,1 %) frå 564 årsverk i 2011 til 599 årsverk i 2012, av desse var 22 årsverk auke i faste stillingar. Av veksten i mellombelse stillingar var det netto auke på 8 årsverk i rekrutteringsstillingar. Pensjonsattsaten auka frå 11,15 % i 2011 til 12,09 % i 2012.

Budsjettprosessen for 2013 blir oppfatta som god. Med utgangspunkt i Prop. 1 S (2012-2013) blei det utarbeidd førebelse rammer til driftseiningane. Deretter blei det gjennomført eit plan- og budsjettseminar for å gå gjennom rammer og konsekvensar. Etter seminaret blei det utarbeidd eit budsjettfordelingsframlegg som blei sendt på høyring til driftseiningane. Justert framlegg til budsjettfordeling for 2013 blei fremja på styremøtet i desember 2012.

Styret meiner at kvaliteten i økonomiforvaltninga er på eit tilfredsstillande nivå. HiT har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen korkje i 2011 eller tidlegare år tilbake til 2003, etter overgangen til nytt rekneskapsprinsipp.

Høgskolen gjennomfører jamlege interne økonomiforumsmøte der alle driftseiningane deltek med sikte på å betre økonomiforvaltninga. I tillegg har det vore arrangert egne fagdagar.

Når det gjeld omfanget av bidrags- og oppdragsfinansierte verksemd, blir det vist til verksemdsmål 3.2.

Høgskolen hadde per 31.12.11 ein verksemdskapital på kr 4 840 511 før resultatet frå 2012 er lagt til. Medrekna resultatet frå 2012 er verksemdskapitalen på kr 5 391 050. Høgskolen arbeider aktivt for å auke både eksternt finansierte verksemd og tildeling frå Forskningsrådet.

Høgskolen meiner at løyvinga i 2012 er disponert i samsvar med strategiske føringar og politiske styringssignal.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) Kostnader per eigenfinansierte heiltidsekvivalent korrigerert for løns- og prisvekst skal ikkje vere over kr 93 000.

Kostnader per eigenfinansierte heiltidsekvivalent auka òg i 2012. Ambisjonsnivået for 2012 var at kostnadene per eigenfinansierte heiltidsekvivalent, korrigerert for løns- og prisvekst, ikkje skulle overstige 93 000 kroner. Konsumprisindeksen til SSB med 2004-kroner er nytta som korreksjonsgrunnlag for løns- og prisvekst.

Kostnadene per eigenfinansiert heiltidsekvivalent enda på 93 966 kroner i 2012. Dette tyder at kvar heiltidsekvivalent i 2012 var 1 120 kroner dyrare enn planlagt (omrekna til 2012 prisnivå).

b) *Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal ikkje vere over 63,5 %.*

Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader vart 63,9 %. Dette er noko høgare enn målet på 63,5 % for 2011, og om lag 0,4 %-poeng høgare enn i 2010. Høgskolen vil følgje utviklinga vidare, og sikre at lønsdelen ikkje blir for høg.

c) *Avrekningar (gjennomføringa av budsjettet i rekneskapsåret) skal vere minus 4 mill. kroner.*

Balanseførte avrekningar er redusert med 5,8 mill. kroner (-8,1 %) frå 71,9 mill. kroner per 31.12.11 til 66,1 mill. kroner per 31.12.12. Ambisjonsnivået for 2012 var at avrekningane skulle reduserast med 4,0 mill. kroner i 2012. Høgskolen er nøgd med reduksjonen av avrekningane, og at avviket frå målsetjing er lite sett i høve til høgskolens samla budsjett.

d) *Høvetalet mellom vitenskapleg og administrativt tilsette skal vere 2,40.*

Som det kjem fram av tabellen, er høvetalet mellom vitenskapleg og administrativt tilsette uendra frå 2011 til 2012. Tallet ligg på ambisjonsnivået for 2012 som var 2,40. Tallet har auka i høve til situasjonen i 2010. Dette henger saman med at det har vore større prosentvis auke i tallet på vitenskapleg enn administrativt tilsette frå 2010 til 2012. Høgskolen vil følgje med på utviklinga i dette høvetalet for å sikre ein god og formålstenleg balanse mellom administrativt og vitenskapleg tilsette.

e) *Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 14 m².*

Talet på studentar aukar markant. Hausten 2012 hadde høgskulen 6 264 eigenfinansierte studentar. Frå hausten 2011 til hausten 2012 har leiearealet til høgskulen auka med berre 446 kvadratmeter. Dermed har arealet per eigenfinansiert student gått ned frå 13,0 m² til 11,8 m².

Det er framleis skilnader mellom dei ulike studiestadene.

f) *Langsiktig økonomisk planlegging.*

I 2008 innførte høgskolen ei ordning med langtidsbudsjett. Det har eit 5-års perspektiv, og blir rullert kvart år. Innanfor økonomiregelverket kan ikkje budsjett for ein langtidsperiode vere bindande, men det gjev likevel høve til meir langsiktig planlegging. Det skal m.a. medverke til å gje høgskolen

- eit grunnlag for langsiktige prioriteringar, og kunnskap om kva dei vil innebere økonomisk
- eit grunnlag for å vurdere status for opptrappingsplanen for universitetssatsinga og realismen i den vidare satsinga basert på økonomiske analysar.

I langtidsbudsjett 2014 – 2018 som blei vedteke i desember 2012, er det gjort spesielle vurderingar av forventta inntekter frå KD, universitetssatsinga, og planlagde utbyggings- og ombyggingstiltak.

I den langsiktige økonomiske planlegginga ser høgskolen det som sentralt at studieporteføljen er økonomisk berekraftig over tid. HiT ventar at studiepoengproduksjonen held fram å auke gjennom langtidsperioden, men med ein lågare vekst og utflating frå 2016. Auka studenttal ligg til grunn for prognosen. I langtidsbudsjettet er det for 2014 lagt inn ein forventta inntektsauke på grunn av auka studiepoengproduksjon på 5,7 mill. kroner, og ein ytterlegare auke på 8,6 mill. kroner for 2015. I resten av langtidsperioden er det lagt inn ein moderat auke på 2,5 mill. kroner per år.

Talet på avlagde doktorgradar er 5 i 2012 mot ingen i 2011. Talet på publiseringspoeng for 2012 ser ut til å bli 121,5, mot 86,8 i 2011. Dette er ein auke på nesten 40 %. På denne bakgrunnen er lagt inn ein budsjettvekst i 2014 på 1,5 mill. kroner i den resultatbaserte forskingskomponenten (RBO). Deretter er det lagt inn ein prognose på 5 avlagde doktorgradar per år frå 2013 og ut langtidsperioden.

Høgskolen har som mål å auke inntektene frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet. Auka BOA-inntekter vert gjerne følgde av tilsvarande kostnadsauke. I langtidsbudsjettet er det ikkje lagt til grunn vesentleg større handlingsrom på grunn av eksterne inntekter.

Høgskolen har sett i gang fleire nybyggings- og ombyggingsprosjekt. Dei store prosjekta skal finansierast over husleiga. Auka kostnader til husleige blir derfor den store utfordringa i langtidsperioden. I budsjettet for 2014 er det lagt inn auke i husleiga på 8,1 mill. kroner (eks. løns- og prisvekst) i høve til budsjettet for 2013. I budsjettet for 2015 aukar kostnadene til husleige med ytterlegare 2,5 mill. kroner i høve til 2014. Ombyggingsprosjekta blir finansierte gjennom mellombels auka husleige. Først i slutten av langtidsperioden, i budsjettet for 2018, minkar kostnadene til husleige igjen. I budsjettet for 2018 går kostnadene ned med 7,1 mill. kroner i høve til budsjettet for 2017.

Tabellen under viser kostnadene ved planlagde utbyggings- og ombyggingstiltak i perioden 2014 – 2018 (ekskl. prisvekst):

Tiltak	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Kommentarar
HUSLEIGEENDRINGAR							
Utgangspunkt, løpande avtalar	91 915						
Nybygg og fråflytting - varig husleigeendring							
Nye Kroa i Bø	400	1 200	1 205	1 210	1 215	1 215	Varig auke
Nybygg Porsgrunn	500	3 300	3 300	3 300	3 300	3 300	Varig auke
Nybygg Drammen	485	485	485	485	485	485	Varig auke
Studenthus Porsgrunn		500	1 000	1 000	1 000	1 000	Varig auke
Evt. fråflytting frå Notodden, bygg B og C			-2 000	-2 000	-2 000	-2000	Varig innsparing
Sum varige husleigeendringar	1 385	5 485	3 990	3 995	4 000	4 000	
Ombygging - mellombels husleigefinansiering							
Servicetorg Notodden (nedbetalt 4,5 år)	900	2 500	2 500	2 500	2 500	350	Nedbetalt i 2018
Bø, for master IØI (nedbetalt 11 år)	300	650	650	650	650	650	Nedbetalt i 2024
Notodden bygg B og C (nedbetalt 3,5 år)		2 000	6 000	6 000	6 000	1 000	Nedbetalt i 2018
Sum husleigefinansiering av ombyggingar	1 200	5 150	9 150	9 150	9 150	2 000	
Sum husleige	94 500	102 550	105 055	105 060	105 065	97 915	
OMBYGGING UTAN HUSLEIGEFINANSIERING							
Porsgrunn, bygg E (foreløpig)		2 000	3 000				
Sum ombygging utan husleigefinansiering	-	2 000	3 000	-	-	-	
Sum endringar	2 585	12 635	16 140	13 145	13 150	6 000	

Når det gjeld inventar og utstyr i nybygde og ombygde lokale, er det usikkert kor store kostnader som vil kome til i langtidsperioden. I budsjettet for 2013 er det lagt inn 5,8 mill. kroner til inventar og utstyr i nybygde og ombygde lokale. I langtidsbudsjettet er det vidare lagt inn 800 000 kroner til inventar og utstyr i Bygg E i Porsgrunn i budsjettet for 2015.

Når langtidsbudsjettet blir framskrive for tiltak, realbudsjetterte einingar og fakulteta i samsvar med føresetnadene i langtidsbudsjett 2014 – 2018, er det eit innsparingsbehov i budsjettet for 2014 på ca. 3,3 mill. kroner, og eit innsparingsbehov i budsjettet for 2015 på ca. 3,7 mill. kroner. Frå budsjettåret 2016 aukar handlingsrommet. Med dei føresetnadene som er lagde inn i langtidsbudsjett 2014 – 2018, viser tabellen under handlingsrommet i langtidsperioden:

Beløp i 1 000 kroner

	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018
Udisponerte midlar			3 666	9 405	18 079
Innsparingsbehov	-3 265	-3 668			
Sum handlingsrom	-3 265	-3 668	3 666	9 405	18 079

I den langsiktige økonomiske planlegginga ser høgskolen det som sentralt at studieporteføljen er økonomisk berekraftig over tid. I 2009 blei det derfor gjort ein større gjennomgang der kostnader og inntekter blei fordelte til det enkelte studieprogrammet. Det er utarbeidd ein eigen økonomisk modell for dette. Det er meininga å gjere slike gjennomgangar regelmessig, først i 2013.

Ei slik regelmessig overvaking vil kunne gje betre grunnlag m.a. for å vurdere etableringar og nedleggingar av studieprogram og tiltak for å betre lønsemda i studieprogramma (reduksjon av kostnader, marknadsføringstiltak for å auke rekrutteringa m.v.) I tillegg til økonomidata skal ein sjølvstøtt og nytte andre indikatorar i slike vurderingar, som søkjar- og studenttal, studiepoengproduksjon og anna.

10 Verksemdsmål 4.2: Høgskolen i Telemark skal gjennom personalpolitikken sin medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med si samfunnsrolle.

10.1 Styringsparametrar

- Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar skal vere minst 0,45.
- Del kvinner i dosent- og professorstillingar skal vere minst 0,25.
- Del av kvinner i første- og toppstillingar (faste tilsette i årsverk) skal vere minst 0,35.
- Del av kvinner i leiarstillingar skal vere minst 0,50.
- Del mellombels tilsette skal ikkje vere over 0,23.
- Kvalitativt styringsparameter: Robuste fagmiljø.

Ambisjonsnivå, resultat og analyse

Styringsparametrar	Resultat			Ambisjonsnivå
	2010	2011	2012	2013
a) Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	0,40	0,42	0,42	0,46
b) Del kvinner i dosent- og professorstillingar	0,19	0,25	0,24	0,26
c) Del av kvinner i første- og toppstillingar (faste tilsette i årsverk)	0,30	0,30	0,30	0,33
d) Del av kvinner/menn i leiarstillingar	0,31	0,47	0,46	0,40
e) Del mellombels tilsette	0,24	0,23	0,24	0,23

Oppnåing og analyse (overordna for verksemdsmålet)

Høgskolen har i sin personalpolitikk fokus på kompetanse, arbeidsmiljø og likestilling mellom kjønna. Styret har m.a. vedteke ein ny handlingsplan for likestilling, og det er sett i verk ein handlingsplan for å auke delen vitskapleg tilsette med første- og toppkompetanse. Resultata for 2012 syner at høgskolen har nådd målet sitt når det gjeld prosentdelen kvinner i leiarstillingar, sjølv om det framleis er ein viss ubalanse i dei øvste leiarstillingane. Delen mellombels tilsette viser små svingingar. Når det gjeld dei andre styringsparametrane, er resultata noko under det ambisjonsnivået som blei sett for 2012. Det gjeld særleg del første- og

toppstillingar av det totale talet på undervisnings- og forskarstillingar og delen av kvinner i desse stillingane. Høgskolen forventar at dei handlingsplanane som er sett i verk, på sikt vil gje resultat. Samstundes er den opphavlege ambisjonen for 2014 justert noko ned.

Høgskolen har òg gjennomført eit leiarutviklingsprogram for alle leiarar med personalansvar i 2012. Dette har vore viktig for å utvikla ein god kultur for leiing på tvers av organisasjonsmessige- og geografiske grenser, og samstundes sikra ein omforeina forståing og gjennomføring av høgskolens strategi.

Korte kommentarar til kvar styringsparameter

a) *Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal vere minst 0,45.*

Som det går fram av tabellen over, har det vore ein svak auke i prosentdelen første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar i perioden 2010 til 2012. Frå 2011 til 2012 er auken så liten at han ikkje kjem til syne ved bruk av to desimalar. Ambisjonsnivået for 2012 på 0,45 er ikkje nådd. I løpet av 2012 er det i samarbeid med leiinga på fakulteta sett i gang eit arbeid med sikte på å betre rekrutteringa til desse stillingane. Resultatmålet i strategisk plan for 2010 – 2014 (rullert i S-sak 8/13) om at del første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal vere på minst 0,50 i 2014 er det likevel lite truleg at ein når.

b) *Del kvinner i dosent- og professorstillingar skal vere minst 0,25.*

Dette er ein ny styringsparameter, men HiT har likevel vald å ta med historikk frå 2010. Talet auka frå 0,19 til 0,25 frå 2010 til 2011. Det var ein liten nedgang i 2012, men det er truleg ikkje uttrykk for ein ny trend. HiT ventar at delen kvinner i toppstillingane vil halde fram med å auke framover.

c) *Del av kvinner i første- og toppstillingar (faste tilsette årsverk) skal vere minst 0,35.*

Høgskolen ser det som viktig å arbeide systematisk og strukturert for at prosentdelen kvinner i første- og toppstillingar framleis skal auke i åra som kjem. Ny handlingsplan for likestilling i høgskolen, som vart vedteken av styret i 2012, set fokus på interne opprykk og rekruttering til faglege første- og toppstillingar og leiarstillingar. HiT har etablert ei ordning med førstelektorstipend, og det skal takast likestillingsomsyn i tildeling av desse stipenda. Likeins skal likestilling vurderast ved tildeling av forskingstid og anna arbeidsplanlegging. Desse tiltaka er nett sette i verk, og det er derfor for tidleg å slå fast om dei verkar etter ønske. Arbeidet med å rekruttere fleire kvinner til første- og toppstillingar vil halde fram i von om at effekten kjem etter kvart.

d) *Del av kvinner i leiarstillingar skal vere minst 0,50.*

Det er ein liten nedgang frå 2012 til 2011, men kvinner er framleis godt representerte i høgskolens leiarstillingar.

e) *Del mellombels tilsette skal ikkje vere over 0,23.*

Utvikling i prosentdel mellombels tilsette:

	2010	2011	2012
Saksbehandlar- og utgreiingsstillingar - alle	6,6	5,9	8,3
Støttestillingar til undervisning (ingeniør og bibliotek)	9,9	5,3	4,7
Undervisnings- og forskarstillingar	18,4	17,0	15,6

Stipendiatane er ikkje inkluderte i Undervisnings- og forskarstillingar i tabellen.

Høgskolen har dei siste åra hatt fokus på talet på mellombels tilsette. Ein gjennomgang hausten 2011 synte at langt dei fleste av desse var knytte til stillingar som i sin natur er tidsavgrensa (stipendiatar, lærlingar, åremålstilsette leiarar, bistillingar, oppdragsstillingar og vikariat). Delen mellombels tilsette har vore stabil på 23-24 dei siste åra. Frå 2011 til 2012 har prosentdelen gått ned både mellom undervisnings- og

forskarstillingar og mellom støttestillingar til undervisninga. Delen mellombels tilsette blant sakshandsamarar og utgreiarar har auka noko frå 2011 til 2012, men prosentdelen er likevel låg her.

f) *Robuste fagmiljø.*

Omgrepet ”robuste fagmiljø” har ingen absolutt og eintydig definisjon. Men eit viktig kriterium vil vere i kva grad ein fyller akkrediteringskrava frå NOKUT for master- og doktorgradsområda. HiT har som ambisjon for 2013 å analysere og vurdere kompetanse- og stillingsprofilen knytt til alle høgskolens studieprogram opp mot NOKUT-krava.

Vidare vil HiT til kvar tid følgje opp dei sentrale evalueringane av profesjonsutdanningane, som oftast går grundig inn på ei vurdering av styrkar og veikskapar ved fagmiljøa.

I høgskolens strategiske plan er det sett som mål å auke delen tilsette i første- og toppstillingar til 50 % av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar innan 2014. I juni 2012 er det fastsett ein eigen handlingsplan for å oppnå dette, med tiltak knytte både til nyrekruttering og til kompetanseheving for tilsette. Oppfølginga av desse tiltaka vil vere heilt avgjerande for å få til ei god utvikling.

Det 3-årige samarbeidsprosjektet med UiA har som eit sentralt mål å styrkje fagmiljøa ved begge institusjonane gjennom å etablere konkrete samarbeidsprosjekt og tettare kontakt. Institusjonane har sett av egne midlar for å stimulere til samarbeidstiltak, i tillegg til SAK-midlar tildelte frå KD. Ved årsskiftet 2012/2013 var det gjeve tilskot/tilsegn om tilskot til over 40 større og mindre samarbeidsprosjekt. Dersom prosessen fører fram til ein fusjon eller eit tett institusjonalsert samarbeid mellom dei to institusjonane, vil ein hovudmotivasjon vere å skape sterkare og meir berekraftige fagmiljø i fellesskap.

2.2 Anna rapportering

2.2.1 Oppfølging etter etatsstyringsmøte

Det blir vist til brev frå KD 08.06.2012, ref. 12/955, ”Høgskolen i Telemark – tilbakemelding fra etatsstyringsmøtet 2012”. Kommentaranne frå HiT nedanfor følgjer strukturen i brevet frå KD.

Ny målstruktur

Ny målstruktur for høgskolen følgjer i pkt. 3.1 nedanfor. Forklaring til endringane i målstruktur m.v. blei gjort i S-sak 8/13, og følgjer som vedlegg 4 til denne saka. Nedanfor blir endringane i verksemdsmål (VM) frå 2012 til 2013 kommenterte.

Tidlegare eigendefinert verksemdsmål 1.0 sa: ”HiT har universitetsetablering, eventuelt vidareutvikling av universitetsfunksjonane i Telemark, som mål.” Dette er erstatta med ei unummerert formulering: ”HiT har som ein overordna strategi å vidareutvikle universitetsfunksjonane og oppnå universitetsstatus saman med Universitetet i Agder innan 2016.” I tillegg er samarbeidsprosjektet HiT/UiA omtala. Dette er meint å presisere og konkretisere ambisjonen.

Sektormål 1 gjeld utdanning.

VM 1.1: Den tidlegare felles formuleringa var nær på likelydande med sektormålet, og sa at institusjonane ”... skal utdanne kandidatar med høg kompetanse med relevans for samfunnet sitt behov.” Nytt VM er meint å understreke HiTs breiddeprofil og samstundes løfte fram særlege satsingsområde, slik det tidlegare òg er gjort i strategisk plan:

”HiT skal ha eit rikhaldig studietilbod både i breidd og nivå, og skal utdanne dugelege kandidatar som samfunnet har bruk for. Fagprofilen skal vere kjenneteikna av doktorgradsprogramma i teknologi, økologi og kultur, studieprogramma som står opp under desse, og profesjonsutdanningane.”

VM 1.2 var formulert slik: ”...skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.” Dette er sjølvsgt framleis gyldig for HiT,

som for alle dei andre institusjonane, og er derfor behalde. I tillegg er det peika på eit område der HiT alt er langt framme:

”... HiT sine nettbaserte studietilbod skal vere blant dei beste i landet.”

VM 1.3 gjekk ut på at HiT *”...skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid av høg kvalitet, som medverkar til auka utdanningskvalitet.”* Høgskolen ser ikkje behov for endring eller grunnlag for at HiT skal ha særskilte mål i høve til sektoren elles, og formuleringa er ikkje endra.

Sektormål 2 gjeld FoU.

VM 2.1 lydde slik: *”Høgskolen i Telemark har som statleg høgskole eit særskilt ansvar for profesjonsretta forskning, utviklingsarbeid, kompetanseutvikling og nyskapande verksemd i regionen. Samstundes skal høgskolen innrette forskingsinnsatsen sin slik at det vert oppnådd resultat av høg internasjonal kvalitet innan fagområde der høgskolen tildeler doktorgrad, og samarbeide nasjonalt og internasjonalt om forskning og utviklingsarbeid.”*

Sidan sektormålet omtalar *”fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet”* har høgskolen kome til at desse to formuleringane er dekkjande for HiTs hovudprioriteringar:

VM 2.1: ”HiT skal prioritere tverrfagleg og praksisnær forskning som står opp under høgskolens utdanningsprofil og som samstundes møter regionale og nasjonale kompetansebehov.”

VM 2.2: ”Innan områda teknologi, økologi og kultur skal HiT drive forskning og forskarutdanning på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå.”

Sektormål 3 gjeld samfunnskontakt og formidling.

Sektormålet seier at institusjonen skal vere ein *”tydeleg samfunnsaktør og medverke til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping.”*

Tidlegare VM 3.1 sa at høgskolen *”...gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt (skal) tilføre samfunnet resultat frå FoU-verksemda.”* Tidlegare VM 3.2 sa at høgskolen *”...skal medverke til samfunns- og næringsutvikling gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping.”* Formuleringane seier såleis stort sett det same som sektormålet, som uttrykker essensen i den sterke vekta som nå blir lagt på UH-sektoren som utviklingsaktør, kanskje særleg for næringsliv og offentleg sektor.

Dei tilsvarande formuleringane i nye verksemdsmål for HiT trekkjer i tillegg fram styrken ved den desentraliserte strukturen høgskolen har, og lyder slik:

VM 3.1: ”HiT skal utvide og forsterke samarbeid og kontakt med samfunns- og næringsliv. M.a. gjennom sin desentraliserte struktur skal høgskolen stå fram i regionen som ein tydeleg og sjølvstøtt samarbeidspartnar.”

VM 3.2: ”Både gjennom utdanning, forskning og formidling skal HiT, saman med regionale aktørar, medverke til innovasjon og entreprenørskap.”

Sektormål 4 gjeld forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane.

Tidlegare VM 4.1 sa at HiT *”...skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane og syte for høg kvalitet i økonomiforvaltninga.”* Tidlegare VM 4.2 sa: *”Høgskolen i Telemark skal gjennom personalpolitikken sin medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv.”*

Dei to tidlegare verksemdmåla er tekne ut, og er erstatta av tre verksemdsmål under dette sektormålet. Det første peikar på overordna strategisk ressursdisponering, og det andre på kompetansespørsmålet, der HiT har særlege utfordringar og utviklingsoppgåver, og dessutan på behovet for å styrkje fagmiljøa gjennom betre samarbeid og samordning på tvers av fakultets- og instituttgrenser. Det tredje tilsvarar i høg grad tidlegare VM 4.1 og gjeld kvalitet og effektivitet i forvaltninga. Følgjande verksemdsmål er vedtekne:

VM 4.1: ”Høgskolen i Telemark skal ha god strategisk styring og kompetanse- og ressursplanlegging som fremjar kvalitet og omstillingsevne.”

VM 4.2: ”Høgskolen i Telemark skal ha høg fagleg kvalitet med høgt kompetente medarbeidarar og sterke og robuste fagmiljø, som i aukande grad skal utviklast på tvers av organisatoriske skilje.”

VM 4.3 ”Høgskolen i Telemark skal drive effektiv tenesteproduksjon med høg kvalitet i alle ledd.”

Utdanning

Høgskolen følgjer fortløpande situasjonen m.o.t. rekruttering til ulike studium. HiT sin del av primærsøkjarane auka frå 2576 i 2011 til 2831 i 2012, og HiT styrkte dermed marknadsdelen sin frå 2,37 til 2,45. Nett-/samlingsbaserte studium held fram med å rekruttere godt, men studia innan teknologiske fag og lærar- og barnehagelærerutdanning har òg hatt ein gledeleg auke i talet på søkjarar. Høgskolen arbeider òg for å auke talet på utvekslingsstudentar. Det er framleis for få utvekslingsstudentar, jamvel om det er ei positiv utvikling i 2012.

Forskning

Høgskolen har lagt stor vekt på å auke publiseringsevne dei siste åra. HiT har i 2012 hatt sitt aller beste forskingsår målt i publikasjonspoeng. Førebelse tal syner ei markant auke i publikasjonspoenga frå 2011 til 2012. Talet ligg per 21 februar 2013 på 121,5 publikasjonspoeng.

For å styrkje forskingskulturen har m.a. HiT v/biblioteket kjørt publiseringkurs på alle dei fire fakulteta. I tillegg har FoU-seksjonen hatt samtalar med dei fleste institutta for å sikre at alle institutt har ein forskingsplan for medarbeidarane sine.

Institusjonen og omverda

Høgskolen har arbeidd vidare for å auke bidrags- og oppdragsverksemda i 2012. Omfanget av dei samla eksterne inntektene har auka med 7,9 mill. kroner i 2012 jamført med 2011.

HiT har auka merksemda knytt til kommersialisering av fagleg aktivitet. HiT har m.a. inngått ein samarbeidsavtale med 2 inkubatorselskap i 2012; Conventure som held til i Grimstad og Proventia som held til på Herøya.

HiT har nå utforma ein Open Access-politikk for heile høgskolen, og den er sendt til høyring i alle fakulteta. I tillegg har høgskolen premiert publiseringar i Open Access.

Styring, leiing og administrasjon

Høgskolen har gjort endringar i verksemdsmåla under sektormål 4 for få ytterlegare merksemd på styring av verksemda. Nytt verksemdsmål (VM 4.1) skal ivareta den strategiske styringa, og lyder: ”Høgskolen i Telemark skal ha god strategisk styring og kompetanse- og ressursplanlegging som fremjar kvalitet og omstillingsevne”.

Høgskolen prioriterar arbeidet med å sikra god kompetanse. Det har vore ein svak auke i prosentdelen første- og toppstillingar av det totale talet på undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar i perioden 2009 til 2011. Frå 2011 til 2012 er det ingen vesentleg endring i prosentdelen, og ambisjonsnivået for 2012 på 0,45 er ikkje nådd. I løpet av 2012 er det i samarbeid med leiinga på fakulteta sett i gang eit arbeid med sikte på å betre rekrutteringa til desse stillingane. Sjølv om ikkje prosentdelen har auka, har høgskolen fått inn fleire første- og toppkompetente i 2012 fordi høgskolen har fleire årsverk totalt.

Høgskolen har dei siste åra hatt fokus på talet på mellombels tilsette. Ein gjennomgang hausten 2011 synte at langt dei fleste mellombels tilsette var knytte til stillingar som i sin natur er tidsavgrensa (stipendiatar, lærlingar, åremålstilsette leiarar, bistillingar, oppdragsstillingar og vikariat). Delen mellombels tilsette har vore stabil på 23-24 dei siste åra. Frå 2011 til 2012 har delen mellombels tilsette gått ned både blant undervisnings- og forskarstillingar og blant støttestillingar til undervisninga. Delen mellombels tilsette blant sakshandsamarar og utgreiarar har auka noko frå 2011 til 2012, men prosentdelen er likevel låg her.

Høgskolen har utarbeidd måltal for mellombelse tilsette i 2013, og høgskolen vil sjå nærare på strategiar og tiltak for å redusere talet på mellombels tilsette ytterlegare.

2.2.2 Aktivitetskrav

Aktivitetskravet for HiT gjeld bachelorgradsstudium i sjukepleie og bachelorgradsstudium i vernepleie, og var for studieåret 2011-2012 høvesvis 136 og 25. Kravet er oppfylt med høvesvis 138 og 57.

2.2.3 Rapportering om SAK i ingeniørutdanninga

HiT har god struktur på studieprogramma innanfor ingeniørutdanninga ved Fakultet for teknologiske fag, forkurs, bachelorgrad, mastergrad og ph.d.- grad. Innanfor bachelorgradsprogramma har HiT opptak både frå studiespesialisering med realfag og frå yrkesfagleg studieretning. Alle studieprogramma rekrutterer tilfredsstillende. Studieprogramma gjev stor breidd i kompetanse, noko som blir godt motteke av næringslivet lokalt, regionalt og nasjonalt.

HiT legg større vekt på tverrfagleg arbeid både internt i høgskolen mot dei andre fakulteta og eksternt mot andre i UH-sektoren. Det kan nemnast at HiT samarbeider med UiA om prosjekt innanfor elkraftteknikk, ingeniørdidaktikk, fornybar energi (bioenergi og forbrenning), bygg og energifangst. I tillegg har HiT ei rad samarbeidsprosjekt med næringslivet i regionen.

HiT vurderer fortløpande korleis høgskolen kan bidra betre til satsing på offshore, olje og gass, og har fleire studieprogram som stør opp om satsing på olje og gass. HiT ønskjer å bli meir synleg på dette området. HiT vurderer derfor studieprogramma for å satse meir på offshore i regionen. Høgskolen har allereie forskingskompetanse som er relevant for offshorerverksemda. Eit nytt nettverk er etablert i regionen, Telemark Offshore, der HiT er med.

Hausten 2013 vil HiT starte Fleksibel utdanning, som er eit pilotprosjekt på mastergradsnivå. HiT har fått kr 800 000 fordelt over 3 år frå Noregsuniversitetet. Det vert planlagt nettundervisning kombinert med samlingar. I første omgang startar HiT med fem emne. Studiet er eit tilbod til ingeniørar som arbeider offshore, og til andre som har ein livssituasjon som gjer det vanskeleg å studere på heiltid eller som ikkje kan flytte til Telemark. Prosjektet vil òg gje kompetanse og infrastruktur som kan nyttast til samarbeid om fleksibel utdanning med andre i UH-sektoren og med internasjonale samarbeidspartnarar.

HiT har søkt NFR om midlar til ein forskarskole saman med ei rad andre institusjonar, m.a. UiA, men fekk ikkje tilslag. Dei fleste av dei som var med på søknaden, er likevel interesserte i å halde fram samarbeidet. Forskarskolen vil søkje midlar ved neste utlysning.

KD har tildelt UHR 4 mill. kroner til arbeidet med å koordinere og gjennomføre ein nasjonal aktivitetsplan for SAK i ingeniørutdanninga. HiT deltek i følgjande aktivitetar:

- Fagmøte om "Berekningsorientert utdanning".
- Nasjonalt fagmøte i matematikk for ingeniørutdanninga (18-19 mars i Bergen).
- Deltek med ein lokal mentor for "Ingeniørdidaktikk".
- Møte om internasjonalisering i ingeniørutdanninga (5-6 februar i Vestfold).

2.2.4 Rapportering om førskolelærerutdanning

"Evaluering av førskolelærerutdanninga ved Høgskolen i Telemark – rapport" følgjer i vedlegg 2.

2.2.5 Universell tilrettelegging

Styret fastsette i desember 2008 ein handlingsplan for perioden 2009-2014 for studentar med nedsett funksjonsevne. Høgskolen har etablert ei gruppe med kontaktpersonar for desse studentane. Gruppa skal mellom anna sjå på universelle løysingar på tvers i organisasjonen. Statsbygg hadde ein gjennomgang av bygningsmassa i 2010. På bakgrunn av rapporten frå Statsbygg har det blitt utarbeidd ein handlingsplan for

studiestad Bø. Alle punkta i planen blei gjennomførde i 2012. For dei andre studiestadene (Porsgrunn og Notodden) blei det arbeidd ut handlingsplanar i 2012. For studiestad Notodden vil tiltaka bli realiserte i 2013, og for studiestad Porsgrunn i 2014. Dei største utfordringane er å få etablert universelle løysingar og dermed redusere behovet for individuell tilpassing.

2.2.6 Studentkapasitet

I tildelinga av nye studieplassar over revidert nasjonalbudsjett for 2013 blei høgskolen tilgodesett med berre 5 nye studieplassar. Det blir i denne samanhengen vist til brev frå HiT til KD datert 29. mai 2012, ref. 10/1534, med svar frå KD i brev datert 7. juni, ref. 12/524 2012. Styret viser òg til følgjande tekst som blei sendt KD i budsjettinnspelet for 2014, jf. brev frå HiT av 30. oktober 2012:

”Som det fremgår av brevet datert 29. mai 2012 finner høgskolen dette svært beklagelig og skuffende, spesielt i lys av tildeling til andre sammenlignbare statlige institusjoner. I en fireårig opptrappingsplan vil HiT kun få basisfinansiering for 20 studieplasser (utgjør i størrelsesorden 1,2 mill. kroner i varig økning), mens for eksempel Høgskolen i Buskerud, som ble tildelt 30 studieplasser vil få basisfinansiering for 120 studieplasser (utgjør i størrelsesorden 7,6 mill. kroner i varig økning). Høgskolen viser bl.a. til at økningen i antall primærøksere ved HiT pr. 15. april 2012 var på 9,9 % mot et gjennomsnitt i sektoren på 6,6 %. Når det gjelder gjennomføringsgrad iht. utdanningsplan, viser tilgjengelige tall fra DBH at HiT gjennom mange år òg har ligget over gjennomsnittet for sektoren. Ved fordelingen av 3000 nye studieplasser i revidert nasjonalbudsjett for 2009, med opptrapping av studieplassene i påfølgende år, kom heller ikke HiT spesielt godt ut. Svært mange mindre høgskoler enn HiT fikk òg den gang tildelt omtrent like mange eller flere studieplasser enn HiT, bl.a. gjelder det våre nærmeste nabo-institusjoner Høgskolen i Vestfold og Høgskolen i Buskerud. Høgskolen finner derfor fremdeles tildelingen svært skuffende.

Telemark er et fylke i omstilling. Næringslivet er i en industriell omstilling fra storindustri til mer variert leverandøriindustri. Fortsatt har Telemark mindre bredde i næringslivet og færre statlige arbeidsplasser enn andre sammenlignbare fylker. Dette har ført til lav befolkningsvekst og høyere arbeidsledighet. Samtidig fremgår det bl.a. av NAVs statistikker at regionen har et betydelig behov for kompetansetilførsel, og er som kjent ett av fylkene i landet med lavest andel innbyggere med høyere utdanning. HiT er en høgskole i god utvikling. En tildeling av basisfinansierte studieplasser med tilhørende opptrapping som andre nærliggende høgskoler har fått, ville gitt høgskolen og ikke minst regionen en sårt tiltrengt investering i kompetansetilførsel.

HiT har nå 3 doktorgradsprogrammer og er i et positivt samarbeid med UiA med målsetting om en mulig fremtidig fusjon. Behovet for flere studieplasser reflekterer behovet for en bredde i Telemark.”

Oversyn over potensiell studentkapasitetsauke innanfor dei ulike fagområda er i samsvar med innspelet i budsjettframlegget for 2014, derunder studieplassar knytte til høgskolens ingeniørutdanning, førskolelærarutdanning, økonomisk-/administrativ utdanning og helse- og sosialfaglege utdanningar, med unnatak av 30 nye studieplassar til mastergradsstudium innan økonomisk-administrative fag. Oppstart av eit nytt mastergradsstudium innan økonomisk-administrative fag er planlagd frå og med hausten 2014.

Styret vil presisere at kapasiteten kan aukast på kort sikt, dvs. frå og med hausten 2013, for heile høgskolens innspel under dette punktet.

Nedanfor følgjer nærare grunngeving av framlegget om å trappe opp studieplasskapasiteten. Det elektroniske kartleggingsskjemaet *Skjema for studentkapasitet til Rapport og planer (2012-2013)* følgjer i vedlegg 3, og vert òg sendt elektronisk til KD.

Ingeniørutdanninga

HiT hadde til og med studieåret 2000/2001 eit samla måltal på 170 studieplassar for opptak til ingeniørutdanning. Frå og med studieåret 2001/2002 blei måltalet redusert med 20 studieplassar til 150 studieplassar. Ytterlegare 30 studieplassar blei inndregne frå og med studieåret 2002/2003. Dette inneber at HiTs opptaksmåltal til ingeniørutdanning frå 2002 og til 2009 har vore på 120 studieplassar. Grunngevinga

for å dra inn så vidt mange studieplassar var den noko svake rekruttering til ingeniørutdanning høgskolen hadde den gongen. Frå 2009 fekk HiT tilført basisfinansiering for totalt 20 nye studieplassar, av dei 10 på masternivå og 10 på bachelorgradsnivå, og ytterlegare 5 nye studieplassar i revidert nasjonalbudsjett for 2012.

For å styrkje studentrekrutteringa til ingeniørutdanning har HiT sett i verk fleire tiltak. Det er spesielt grunn til å nemne forsøksordninga for opptak til ingeniørutdanning for søkjarar med fagbrev frå yrkesfagleg studieretning i elektrofag i vidaregåande opplæring til 3-årig ingeniørutdanning (Y-veien), som høgskolen første gong fekk godkjent for opptaket til studieåret 2002/2003. Som departementet er kjent med, har evalueringar synt at søkninga til forsøksordninga har vore god, gjennomstrøyminga høg, og resultatata for denne studentgruppa like bra eller betre enn for andre grupper ingeniørstudentar. Dette var grunnlaget for KDs tildeling av Utdanningskvalitetsprisen for 2008 til HiT.

Etter at Forskrift om opptak til universiteter og høgskoler (§3-3) opna for at søkjarar med fagbrev også frå andre yrkesfaglege studieretningar enn elektrofag frå og med studieåret 2007/2008 kan søkje om opptak til ingeniørutdanning gjennom Y-veien, har HiT frå og med hausten 2007 teke opp slike søkjarar til ingeniørutdanning innan studieretningane allmenn bygg, gass- og energiteknologi og maskinteknisk design.

Samla søkning og opptak til høgskolens ingeniørutdanning er m.a. på denne bakgrunn styrka vesentleg dei seinaste åra. Utviklinga har vore slik sidan 2002 (registrerte ingeniørstudentar på første årssteg per 1. oktober): 158 (2002), 155 (2003), 131 (2004), 144 (2005), 163 (2006), 190 (2007), 167 (2008), 198 (2009), 192 (2010), 196 (2011) og 220 (2012). Som oversynet viser, er tal studentar opptekne til ingeniørutdanning hausten 2012 betydeleg over det talet studieplassar høgskolen hadde til rådvelde fram til og med studieåret 2000/2001 (170). Det er i den samanhengen grunn til å nemne at eit betydeleg tal kvalifiserte søkjarar til ingeniørutdanning gjennom Y-veien ikkje har blitt tekne opp pga. for få tilgjengelege studieplassar.

Det bør her òg nemnast at HiT si ingeniørutdanning kjem relativt godt ut av NOKUTs evaluering av ingeniørutdanningane i Noreg.

HiT fremjar auka basisfinansiering (60/40) for ytterlegare 60 studieplassar til ingeniørutdanning frå hausten 2013.

Barnehagelærerutdanninga (førskolelærerutdanninga)

I St.prp. nr. 1 (2000-2001) blei det samla studenttalet for HiT redusert med 90 studieplassar. Reduksjonen innanfor førskolelærerutdanning blei sett til 30 studieplassar, og måлтаlet for utdanninga blei fastsett til 130. I KDs tildelingsbrev til høgskolen av 11.02.02 blei måлтаlet redusert med enda 20 studieplassar innanfor førskolelærerutdanninga. I 2009 fekk HiT tildelt 25 faste studieplassar i Drammen. Samla tal studieplassar i 2012 er på bakgrunn av dette 135.

Registrerte studentar per 1. oktober for 1. årssteg i førskolelærerutdanninga for perioden 2003-2012 er:

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Notodden ordinær	24	21	34	50	33	40	30	42	30	44
Notodden samlingsbasert	15	16	32	26	62	39	32	48	49	33
Drammen	45	42	52	44	59	62	55	56	64	60
Porsgrunn	53	49	56	44	55	57	54	66	66	61
Deltid Drammen							26	0	0	0
Arbeidsplass-basert Buskerud								25	24	35
SUM	137	128	174	164	209	198	197	242	233	233

Gjennomstrøyminga ved førskolelærerutdanninga dei siste åra har vore stabil og relativt høg. Det er mange studentar som er i ein livssituasjon med omsorgsoppgåver, særleg knytte til små barn, som gjer at dei treng noko lengre tid på studieløpet.

Tabellen nedanfor syner talet på avlagde studiepoeng per heiltidsekvivalent for hele utdanninga:

År	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Studiepoeng	50,0	52,0	51,2	48,4	52,6	50,3	53,1

Høgskolen driv eit aktivt rekrutteringsarbeid innanfor førskolelærerutdanninga i samarbeid med Fylkesmannen i Buskerud, og også i Telemark, både for generell rekruttering til yrket og studiet og for å få fleire menn inn i yrket. Førskolelærerutdanninga samarbeider tett med barnehageansvarlege hos Fylkesmannen i Buskerud om dette, og har i tillegg samarbeidsavtale med ca. 40 barnehagar i Buskerud. Vidare vert det drive betydeleg vidareutdanning og etterutdanning for førskolelærarar som lekk i ei systematisk oppbygging av kompetanse innanfor denne sektoren.

Høgskolens verksemd i Buskerud er omfattande og kompleks, og har vore driven sidan 1993. Høgskolen har om lag 265 førskolelærarstudentar i Buskerud, og det er rundt 10-11 årsverk, fordelt på om lag 20 personar, som er knytte til denne verksemda. Det blir gjeve undervisning i Drammen, i Hokksund og på nett.

HiT driv nettbasert førskolelærerutdanning som tidlegare, men har i år òg nokre studentar via Studiesenteret.no, som er eit nettverk av 73 distriktskommunar med etablerte studiesentra for lokalbefolkninga. Studium i dette nettverket når andre målgrupper, noko som òg er røynsla frå dei nettstudia høgskolen driv nå. HiT har bygd opp nettstudium med avansert kommunikasjonsteknologi og førelesingar, rettleiing og praksissamtalar i sann tid, der campusstudentar og nettstudentar har delar av undervisninga felles.

Det er framleis stort behov for barnehagelærarar i vår region. Høgskolen ser det som ein viktig del av samfunnsoppdraget å medverke til å dekkje behovet for kvalifiserte barnehagelærarar både i denne regionen og i distriktskommunar over heile landet.

HiT fremjar auka basisfinansiering (60/40) for ytterlegare 30 studieplassar til barnehagelærerutdanninga frå hausten 2013.

Økonomisk-/administrativ utdanning

Talet på søkjarar og registrerte studentar har auka vesentleg innanfor økonomisk-/administrativ utdanning i perioden 2003-2011. Utviklinga i registrerte studentar per 1. oktober for 1. årssteg i økonomisk-/administrativ utdanning for perioden 2003-2012 er som følgjer:

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Årsstudium i økonomi og administrasjon (Bø)	25	21	20	14	27	22	25	35	37	25
Årsstudium i økonomi og administrasjon (Porsgrunn)			37	49	46	48	60	55	62	60
Kandidatstudium i økonomi og administrasjon	31	23	10	11	8	8	8	20	8	14
Bachelor i økonomi og administrasjon	18	27	27	31	25	43	49	50	80	90
Bachelor i revisjon	28	36	35	17	22	10	26	22	29	21
Bachelor i reiseliv	21	30	27	16	27	17	18	16	14	20
Bachelor i Internasjonal marknadsføring	21	12	22	15	26	26	30	24	26	27
Bachelor i Innovasjon og entreprenørskap				17	9	7	7	26	20	21

Bachelor i eigedomsmekling					38	42	35	34	55	43
SUM	144	149	178	170	228	223	250	282	331	321

Tabellen ovanfor syner at det har vore solid vekst i studentmasse som vel å ta ei økonomisk/ administrativ utdanning ved HiT. Basisen i alle dei ovannemnde studia byggjer på dei generelle økonomisk-/administrative faga som inngår i bachelorgradsstudiet i økonomi og administrasjon. Bachelorgradsstudiet i økonomi og administrasjon er i samsvar med Nasjonalt Råd for Økonomisk Utdanning sin plan for økonomisk- og administrativ utdanning.

Prognoser frå NIBOR og SSB tilseier at behovet for økonomisk-/administrativ utdanning i åra framover vil auke vesentleg fram mot år 2025, der forventa reell vekst i etterspurnaden etter arbeidstakarar med denne typen utdanning ligg høgast saman med helse-, sosial- og idrettsfag. HiT har som mål å halde oppe høge studenttal i desse fagområda for å dekkje det framtidige utdanningsbehovet.

HiT fremjar auka basisfinansiering (60/40) for ytterlegare 15 studieplassar til økonomisk-/administrativ utdanning frå hausten 2013.

Helse- og sosialfagleg utdanning

Tabellen under viser talet på førsteprioritetssøklarar til nokre av høgskolens helse- og sosialfaglege utdanningar dei siste åra. Som tabellen viser, har høgskolen dei siste åra opplevd ein stor auke i førsteprioritetssøklarar til nokre av utdanningsprogramma i helse- og sosialfag.

	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Vernepleiar, heiltid	84	109	79	88	116	143
Vernepleiar, deltid	120		82		96	
Helsesøster, deltid over 2 år	171		291		339	
Totalt	375	109	452	88	551	143

Prognosar frå SSB og stortingsmelding nr. 13 (2011-2012) syner at det er behov for å auke rekrutteringa til helse- og sosialsektoren for å møte omsorgsbehovet i befolkninga i framtida. Det er òg behov for å heve kompetansen i sektoren, og å syte for at fleire av dei ufaglærte får formell kompetanse til å gjere dei helse- og omsorgstenestene dei blir sette til å utføre.

I tillegg treng sektoren stadig vidareutdanningar for å dekkje kompetansebehovet. Den nye samhandlingsreforma gjer fører òg med seg eit stort behov for auka kompetanse utanfor spesialisttenestene og i dei kommunale helse- og sosialtenestene.

HiT har i ei tid gjennom ei modulbasert deltidsutdanning i vernepleie medverka til å styrkje kompetansen i dei kommunale helsetenestene ved å utdanne personar som har arbeidd som ufaglærte til profesjonsutlærte vernepleiarar. Det er stort press på desse utdanningane, og regionen etterspør fleire tilbod om modulbasert deltidsutdanning der ufaglært arbeidskraft i kommunen kan bli utdanna til å takle tunge omsorgsoppgåver og tyngre brukargrupper.

HiT vil gjerne gje fleire høve til å gjennomføre formalisert profesjonsutdanning basert på realkompetansevurdering som opptakskrav. Høgskolen ønskjer derfor å auke talet på studentar i deltidsutdanning i vernepleie med 20 studieplassar i komande år. Dette vil kunne gje eit bidrag til å gjennomføre intensjonane i samhandlingsreforma om å auke kompetansen i den kommunale helse- og sosialsektoren.

Høgskolen ønskjer òg å auke helsesøsterutdanninga med 20 nye studieplassar. HiT har ei helsesøsterutdanning som er svært ettertrakta og med lange ventelister, og har gjennom fleire år vore nøydd til å avvise mange søklarar. Denne utdanninga gjev òg ein kompetanse som det er stor etterspurnad etter i regionen, og det finst ikkje mange slike vidareutdanningar på landsbasis. Utdanna helsesøstrer vil på same måte som vernepleiarar

vere viktige for å dekkje omsorgsbehovet i framtida.. Høgskolen ønskjer derfor å auke volumet i helsesøsterutdanninga med 20 nye plassar.

HiT fremjar auka basisfinansiering (60/40) for ytterlegare 40 studieplassar til helse- og sosialfagleg utdanning frå hausten 2013.

HiT søkte i 2009 KD om å omdisponere 15 studieplassar innan helse- og sosialfaglege grunnutdanningar, tildelte i Revidert nasjonalbudsjett for 2009, til eit lokalt prosjekt i samarbeid med utvalde kommunar for kompetanseheving i pleie- og omsorgssektoren. Prosjektet er knytt til Senter for omsorgsforskning Sør, som har rekruttering til omsorgsyrka som eitt av sine satsingsområde. Målsetjinga er å styrkje rekrutteringa gjennom å utvikle nye kompetanseutviklingsmodellar spesielt berekna på den kommunale omsorgstenesta. Det er viktig å føre prosjektet vidare hausten 2013 for å sikre kontinuitet i utviklingsarbeidet, og HiT søkte derfor KD i brev av 12.12.12 om tildeling av 15 nye studieplassar innan vernepleie i revidert nasjonalbudsjett for 2013 for opptaket 2013.

2.2.7 Midlar tildelte over kap. 281

Høgskolen viser til tildeling på 300 000 kroner frå KD datert 11.06.12, som gjeld utdanning av rettleiarar for nyutdanna lærarar i barnehage, grunnskole og vidaregåande opplæring. HiT stadfestar at midlane er nytta i samsvar med føresetnadene i tildelingsbrevet. Høgskolen er i gang med å utdanne 23 rettleiarar på Praktisk rettleiing 15 studiepoeng (emne 1) og 17 rettleiarar på Rettleiing, profesjon og organisasjon 15 studiepoeng (emne 2). Det meste av midlane har gått til løn for faglege tilsette, og noko til løn for administrativt personale.

2.2.8 Rapportering på likestilling

Det blir rapportert, jf. aktivitets- og rapporteringsplikta i UH-sektoren, basert på rettleiing frå Universitets- og høgskolerådet.

Tabellen under viser kjønnsbalansen totalt i institusjonen og på fakultetsnivå fordelt på stillingskategoriar:

Stillingsgrupper	2010		2011		2012	
	Totalt	% kvinner	Totalt	% kvinner	Totalt	% kvinner
Administrative stillingar	145,6	68	143,9	69	152,8	70
Andre stillingar (lærlingar)	5,0	40	5,0	40	5,0	60
Drifts- og vedlikehaldsstillinger	17,0	60	16,9	57	18,2	58
Støttestillingar for undervisning	50,6	36	45,3	32	47,3	32
Undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger	334,7	48	353,3	49	375,8	48
Totalt	552,8	52	564,4	52	599,1	53
Driftseiningar						
Fakultet for allmennvitskaplege fag	120,2	41	118,7	39	137,3	40
Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning	160,1	59	165,5	61	172,7	62
Fakultet for helse- og sosialfag	76,1	80	84,4	79	85,6	78
Fakultet for teknologiske fag	83,6	25	84,9	24	87,0	24
Biblioteket	18,7	84	16,9	82	17,5	81
Driftstenesta	34,7	59	34,9	56	35,5	61
Fellesadministrasjonen	39,5	62	39,5	65	41,4	66
IT-tenesta	20,0	5	19,6	10	22,1	14
Totalt	552,8	52	564,4	52	599,1	53

Faktiske årsverk og del kvinner i prosent per 01.10.12.

Talet på administrative stillingar femner om kontorstillingar, saksbehandlarstillingar og leiarstillingar. I talet på drifts- og vedlikehaldsstillingar er reinhalds- og vaktmeisterstillingar med. Støttestillingar for undervisning er ingeniørstillingar og bibliotekstillingar. Undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (UFF) omfattar alle vitenskapleg tilsette inkl. rekrutteringsstillingane. Andre stillingar gjeld for tida berre lærlingar.

Det er ein liten auke i total kvinnedel ved høgskolen frå 2011. Tabellen viser at det er skeiv kjønnsfordeling ved nokre driftseiningar og fakultet.

Tabellen under viser gjennomsnittsløn totalt og i ulike stillingsgrupper:

	Kvinner	Menn	Totalt	Løn kvinner i % av menn	
				2011	2012
Alle tilsette	481 200	529 000	506 900	91	91
Undervisnings- og forskingspersonale	513 600	543 000	528 800	94	95
Teknisk-administrativt personale	443 300	503 600	468 600	87	88
Leiarstillingar	639 000	728 200	684 900	90	88
Professor	689 600	676 700	679 300	101	102
Førsteamanuensis	553 000	549 000	550 400	101	101
Førstelektor	551 600	560 000	557 600	99	98
Høgskolelektor	512 100	524 300	517 100	97	98
Saksbehandlarar	417 500	459 200	426 500	89	91
Bibliotekstillingar	447 400	455 100	448 700	91	98
Ingeniørstillingar	429 900	449 700	446 600	95	96
Reinhald/drift	339 000	357 500	347 600	96	95

Gjennomsnittsløn for kvinner og menn i et utval stillingsgrupper pr 01.10.12.

For undervisnings- og forskingspersonalet totalt sett viser oversynet at kvinner har lågare gjennomsnittsløn enn menn. Dette kjem i hovudsak av at det er flest kvinner i dei lågare stillingsgruppene. I stillingsgruppene førsteamanuensis og professor viser tala derimot at kvinner har høgare gjennomsnittsløn enn menn.

Kvinnelege leiarar har lågare gjennomsnittsløn enn menn. I 2008 hadde kvinner 97 % av gjennomsnittsløna til menn. Frå 2009 og fram til 2011 har kvinner ligge på mellom 91 % til 93 % av menns gjennomsnittsløn. Tala for 2012 viser ein aukande lønsskilnad mellom kjønna. Kvinnelege leiarar har nå 88 % av menns gjennomsnittsløn. Noko av dette kan forklarast med at det tidlegare var fleire kvinner i dei høgaste leiarstillingane.

Det er i saksbehandlargruppa det tilsynelatande er størst lønsskilnad mellom kvinner og menn. Dette kan i hovudsak forklarast med at ein stor del av kvinnene er innplasserte i dei lågaste saksbehandlarkodane. Om vi samanliknar kvinner og menn på kvar stillingskode, varierer kvinnes løn i prosent av mennenes frå 94 % til 102 %.

Samla sett må ein konkludere med at HiT framleis har ei utfordring knytt til likeløn.

Tabellen under viser kjønnsdelt statistikk over arbeidstid, heiltid og deltid:

	Kvinner	Menn	Totalt
Heiltidstilsette	253	257	510
Deltidstilsette	113	64	177

Det er framleis fleire kvinner som går i deltidstilling (63,8 %) enn menn. Mannlege tilsette i deltidstilling tilhøyrer for det meste undervisnings- og forskingspersonale (bistillingar inkludert).

Tabellen nedanfor viser kjønnsfordelinga for heiltids- og deltidstilsette ved kvar driftseining:

Driftseiningar	Heiltid		Deltid		Totalt
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	
Fakultet for allmennvitenskaplege fag	48	74	12	20	154
Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning	84	57	48	22	211
Fakultet for helse- og sosialfag	58	18	16	5	97
Fakultet for teknologiske fag	22	62	0	9	93
Biblioteket	9	2	10	2	23
Driftstenesta	9	12	18	4	43
IT-tenesta	3	18	0	2	23
Fellesadministrasjonen	20	14	9	0	43
Sum HiT	253	257	113	64	687

Kjønnsfordeling for heiltids- og deltidstilsette pr 01.10.12.

Ved Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning og Fakultet for helse- og sosialfag er det fleire kvinner som jobbar deltid enn menn, men dette kan skuldast at fakulteta har ei overvekt av kvinnelege tilsette. Det er fleire kvinnelege deltidstilsette ved Biblioteket, Driftstenesta og Fellesadministrasjonen.

Tabellen nedanfor viser kjønnsfordeling for mellombels og faste tilsette delt på driftseiningar:

Driftseiningar	Mellombels		Faste		Totalt
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	
Fakultet for allmennvitenskaplege fag	14,5	19,5	35,4	67,9	137,3
Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning	34,6	10,8	72,5	54,8	172,7
Fakultet for helse- og sosialfag	17,1	2,8	49,4	16,3	85,6
Fakultet for teknologiske fag	9	19,4	12	46,6	87
Biblioteket	1,9	0,5	12,3	2,8	17,5
Driftstenesta	2	2	19,8	11,7	33,5
Fellesadministrasjonen	1,8	2	25,6	12	41,4
Sum HiT	87,9	55	228	228,2	597

Kjønnsfordeling for mellombels og faste tilsette fordelt på driftseiningar.

Mellombelse stillingar omfattar her oppdragsstillingar, stipendiatar, åremålstilsette og bistillingar.

Det er totalt sett fleire kvinner som har mellombelse stillingar enn menn, men blant fast tilsette er kjønnsfordelinga jamn med 228 årsverk for begge kjønn. Fakulteta med flest kvinneleg tilsette har fleire mellombelse tilsette. Det gjeld Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning og Fakultet for helse- og sosialfag. Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning har fleire oppdragsstillingar, og dette kan forklare kvifor det er flest mellombelse tilsette ved fakultetet. Fakultet for allmennvitenskaplege fag og teknologiske fag har mange stipendiatar, og det kan gje ei forklaring på det etter måten høge talet på mellombels tilsette både blant kvinner og menn ved desse fakulteta.

Tabellen nedanfor viser kjønnsfordelt statistikk over uttak av velferdspermisjon og omsorgspermisjon, talet på tilfelle:

	Kvinner	Menn	Totalt
Sjukt barn	142	46	188
Omsorgspermisjon - heil og delvis	18	3	21
Velferdspermisjon	99	65	164
Foreldrepermisjon / gradert permisjon	25	18	43

Kjønnsfordeling, sjukt barn, omsorgspermisjon, velferdspermisjon og foreldrepermisjon.

Det er fleire kvinner som er heime med sjuke barn, har omsorgspermisjon og andre velferdspermisjonar. Forskjellen er spesielt stor ved sjukt barn og omsorgspermisjon. Når det gjeld foreldrepermisjon/gradert permisjon er skilnaden mindre, sjølv om kvinner er overrepresenterte også her.

Kjønnsdelt statistikk over sjukefråvær

Dette vert sendt DBH med frist 15. februar 2013.

Kjønnsdelt statistikk over personalpolitiske satsingar

Høgskolen har innført ei ordning for kvalifisering til førstelektoropptrykk. Det er i 2012 sett av 130 000 kroner til rettleiingsressurs for tilsette som er eller skal i gang med å kvalifisere seg til førstelektor. I 2012 kom det inn 12 søknader med eit omfang på til saman 220 800 kroner. Sju søknadar blei innvilga, og fem av desse gjaldt kvinner.

Høgskolen har også ei ordning for studiepermisjon for teknisk-administrativt tilsette. Ordninga gjev høve til å søkje permisjon med løn både for å gjennomføre utdanning som gjev auka formell kompetanse på høgskole-/universitetsnivå, og for å drive utviklingsarbeid og anna verksemd som byggjer opp kompetansen. Det er i 2012 sett av 330 000 kroner til ordninga.

Tiltak	Bakgrunn	Målsetjing	Målgruppe	Status	Forankring	Resultat
Støtte til førstelektorløp	Det er ein høg del tilsette i høgskolelektorstilling. Dette kan hevast til første nivå.	Heve kompetansen innan undervisning, læring, FoU og kunstnarleg verksemd på særskilte område	Høgskolelektor	49 har fått tildeling sidan ordninga starta i 2004.	Ordninga er fastsett av styret i 2004. Fakulteta har ansvar for gjennomføring.	8 av dei som fekk tildeling sidan 2004 har fått opptrykk. 4 kvinner har fått opptrykk. Det er venta at talet på førstestillingar veks.
Studiepermisjon for teknisk-administrativt tilsette.	Behovet for kompetanseheving i alle ledd.	Kompetanse i mange ledd for å få ein effektiv organisasjon med rett kvalitet på tenestene	Teknisk-administrativt tilsette.	Innvilga 15 søknader	Ordninga blei fastsett av styret i 2009. Leiar for driftseiningane handsamar søknadene.	Innvilga 15 søknader på tre studieår. Det er venta at kompetansen aukar.

Tabellen nedanfor viser rekruttering av medarbeidarar (tala er ikkje brotne ned på ulike stillingsgrupper da dette ville vere sær sressurskrevjande innanfor eksisterande rekerutteringssystem):

	Kvinner	Menn	Totalt
Søkjarar til faste vitenskaplege stillingar	83	104	187
Innkalla til intervju (alle stillingar)	90	52	142
Tilsette (alle stillingar)	39	21	60
Tilsette utan utlysing (alle stillingar)	8	1	9

Kjønnsfordeling rekruttering av medarbeidarar.

Det var fleire menn enn kvinner som søkte på faste vitenskaplege stillingar, medan fleire kvinner blei innkalla til intervju og som blei tilsette når alle stillingar er inkluderte.

2.2.9 Større investeringsprosjekt

Auka areal ved studiestad Porsgrunn blir gjennomført i 2013/2014 som eit kurantprosjekt i regi av Statsbygg. Prosjektet omfattar nybygging av eit stort auditorium med eit bruttoareal på om lag 710 m² med tilhøyrande kafé og om-/ utbygging av biblioteket med eit bruttoareal på om lag 300 m². Prosjektet skal stå ferdig våren 2014.

Høgskolen registrerer at auka tal på studentar fører til press på byggressursane. I 2013 vert det gjennomført to mindre ombyggingar i Bø og på Notodden for å tilpasse bygga til behovet. Våren 2013 vil høgskolen gå gjennom studieporteføljen. Behovet for bygg vil vere ein sentral del av denne vurderinga.

2.2.10 Forvaltning av aksjefullmakt

Høgskolen hadde eigarinteresse i berre to aksjeselskap i 2012. Eigarinteressa i selskapet Etnisk Musikkklubb AS vart avvikla i 2012. Høgskolen hadde berre to aksjar med ein samla kostpris på kr 2 000 i dette selskapet.

Høgskolen vidareførte eigarinteressa i selskapet Vitenl@ben AS òg i 2012. Selskapet blei stifta 08.02.07, og har ein samla aksjekapital på kr 120 000 fordelt på 1 200 aksjar kvar pålydande kr 100. Staten ved HiT eig per 31. desember 2012 400 aksjar, noko som tilsvarar 33,33 prosent av samla aksjekapital. Hovudmålet med eigarskapen i Vitenl@ben AS har vore å medverke til å etablere eit vitensenter i Telemark. Dette for å auka fokus på realfag og rekruttering til studieprogram som krev realfagskompetanse, særleg innan informatikk- og teknologistudium. HiTs kandidatar frå desse studieprogramma er etterspurde både regionalt og nasjonalt, og høgskolen greier per i dag ikkje å stette næringslivet sine behov for kandidatar på desse områda. Eigarinteressa er nå under avvikling.

2.2.11 Tryggleik og beredskap

Det er i 2012 gjennomført ein omfattande revisjon av nåverande beredskapsplan for høgskolen. Det blei gjort ein grundig gjennomgang av terrortruslar, vurdering av grunnsikringa, evakueringsrutinar og planar for alternativ lokalisering, varslingsrutinar og oppfølging av tilsette og studentar. Beredskapsplanen inneheld følgjande nye krisescenario: skyteepisodar, bombetruslar, krise i utlandet og gasseksplasjon/lekkasje ved Herøya i Porsgrunn. Følgjande scenario er vidareførte frå tidligare plan: Brann, kriminelle handlingar ved HiT, sakna personar som gjeld studentar eller tilsette ved HiT, samanbrot i HiTs IT-system og alvorleg sjukdom hos tilsette og studentar. Beredskapsplanen inneheld førebyggjande og beredskapsmessige tiltak for å handtere kritiske situasjonar, m.a. kartlegging, planlegging, dokumentasjon, etterarbeid som debriefing, opplæring og øvingar. Den er eit eigna verktøy for førebuingar, reiskap for bruk i ein akutt krisesituasjon, og etterarbeidet som følgjer av ei krise.

Beredskapsplanen er gjennomgått med Telemark Politidistrikt i møte 21.01.13.

Høgskolen har gjennomført ein risiko- og sårbarheitsanalyse 07.12.12 med sentrale deltakarar frå fakulteta, institusjonsleiinga og driftstenestene. Ei beredskapsøving for sentral og lokal leiing vil bli gjennomført i mars 2013.

2.2.12 Felles føringar

Prioritering av auka rekruttering av personar med nedsett funksjonsevne i arbeidet med inkluderande arbeidsliv

Høgskolen er ei IA-verksemnd og har sett følgjande mål knytt til IA-arbeidet:

- Sjukefråvær:
 - Sjukefråværet skal vere lågare enn 4 %.
- Inkludering:
 - Høgskolen skal vere tilpassa medarbeidarar og studentar med nedsett funksjonsevne.
- Avgangsalder:
 - Stabilisere avgangsalder på 65 år som er dagens nivå.

Sjukefråvær

Sjukefråvær frå 2007- 2012:

Kvartal	2007	2008	2009	2010	2011	2012
1. kvartal	5,5 %	5,4 %	4,3 %	3,9 %	3,8 %	3,9 %
2. kvartal	4,1 %	5,4 %	4,0 %	3,7 %	3,0 %	3,9 %
3. kvartal	4,6 %	5,5 %	3,8 %	3,4 %	3,3 %	4,3 %
4. kvartal	4,8 %	5,2 %	4,3 %	3,5 %	4,2 %	4,6 %
Totalt	4,8 %	5,4 %	4,3 %	3,7 %	3,6 %	4,2 %

Det totale sjukefråværet ved høgskolen var 4,2 % i 2012. Det har vore ein liten auke frå 2011 da fråværet var 3,6 %, men sjukefråværet ved høgskolen er framleis stabilt lågt.

Sjukefråværet er jamleg drøfta i hovud-AMU. Høgskolen følgjer opp dei fakultet/driftseiningar som har høgare sjukefråvær enn 4 %. Leiarar med personalansvar følgjer opp dei som er sjukmelde, og ved behov hjelper Seksjon for personal- og organisasjonsutvikling til i samtalar med leiar, sjukmeld og sjukmeldar. I tillegg har høgskolen jamleg dialog med NAV-kontakten i sjukefråværs - og IA-arbeidet.

Inkludering

Høgskolen har 10 tilsette med redusert funksjonsevne i 2012. Tiltak:

- Medarbeidarar med redusert funksjonsevne blir inkluderte i arbeidsmiljøet.
- HiT legg til rette for universell utforming av bygningsmassen.
- Arbeidssøklarar med redusert funksjonsevne blir vurderte på lik line med andre søklarar i alle rekrutteringsprosessar.
- Høgskolen nyttar ordninga med praksisplass der løna heilt eller delvis blir betalt av NAV, og i 2012 var tre medarbeidarar i arbeidspraksis ved høgskolen.

Talet på tilsette med nedsett funksjonsevne har gått ned i 2012. Høgskolen har fokus på å leggje til rette for dei som alt er tilsette ved HiT.

Avgangsalder

Tal på årsverk i 5-årsintervaller fordelt på stillingsgrupper i 2012:

	15-19	20-24	25-29	30-34	35-39	40-44	45-49	50-54	55-59	60-64	65-69	70-74	Totalt
Totalt	2,0	6,2	22,3	39,8	60,8	75,5	100,7	86,0	103,2	78,6	23,3	1,7	599,1

Tabellen syner at høgskolen har høg yrkesaktivitet etter fylte 50 med 103,2 årsverk i aldersgruppa 55- 59 og 78,6 årsverk i aldersgruppa 60-64. Talet på årsverk går ned i aldersgruppa 65-69 til 23,3.

Seniorpolitikken ved HiT har blitt følgt opp ved at det er gjeve tilbod om 3-dagars seniorkurs til tilsette frå det året dei fyller 60 år. Kursa blir arrangerte av Norsk Senter for Seniorutvikling i Melsomvik. HiT hadde 23 deltakarar fordelt på to kurs i 2012.

Det var to søkjarar til ordninga med seniorstipend. Begge fekk innvilga eit slikt stipend for hausten 2012.

Auke av talet på lærlingar i statsforvaltninga

HiT har per i dag fem lærlingar, fordelt med fire i IKT-fag og ein i kontor- og administrasjonsfag. Ved høgskolen er det berre dei to nemnde lærefaga som reknast som aktuelle. Ordninga for IKT-lærlingane fungerer særleg godt, og det er sannsynleg at HiT kan ta inn ein IKT-lærling til. Når det gjeld kontorlærlingar, er det meir usikkert om det er mogleg å ta inn fleire.

IKT-lærlingar

HiT har i mange år hatt tre IKT-lærlingar ved IT-tenesta. Det har fungert slik at kvar av studiestadene Bø, Porsgrunn og Notodden hatt ein lærling kvar. Hausten 2009 tok IT-avdelinga ved studiestad Porsgrunn inn ein lærling til, slik at det ved denne studiestaden nå er to IKT-lærlingar. Når læreperioden er slutt, blir det teke inn ny lærling, slik at det til kvar tid er fire lærlingar inne. IT-tenesta har svært gode rutinar for dette. Ordninga fungerer veldig godt, og mange av lærlingane har fått gode resultat på fagprøva. HiT har konkrete planar om å auke talet på lærlingar innan IKT.

Lærling i kontor og administrasjon

HiT har sida 2009 hatt inne ein kontorlærling. HiT har òg tidligare ved fleire høve freista å ta inn kontorlærlingar. Dei som har hatt ansvaret for lærlingane, har funne dette så krevjande at det ikkje har kome i stand ei fast ordning med inntak av kontorlærlingar.

Vidarebruk av offentlege data

Høgskolen har ikkje noko å rapportere under dette punktet i 2012. Ein reknar med at omgrepet rådata ikkje omfattar dei vitenskaplege artiklane, doktorgradsavhandlingane og mastergradsoppgåvene som høgskolen legg ut i dei opne publiseringskanalane TEORA og Digitale Telemarkskjelder.

Utvikling i geografisk fordeling av statlege arbeidsplassar

Talet på årsverk ved HiT har auka med 35 det siste året, og det er i hovudsak studiestadene Bø og Porsgrunn som har auka.

En vesentleg del av veksten har skjedd ved Fakultet for allmennvitenskaplege fag i Bø. Fakultet for estetiske fag, folkekultur og lærarutdanning har òg auka. Dette fakultetet har den største delen av verksemda si på Notodden, men ein del undervisningspersonale har hovudarbeidsstad i Porsgrunn. Dette talet har auka frå 19 årsverk i 2011 til 25 i 2012. Tabellen nedanfor viser korleis talet på årsverk fordeler seg på høgskolens studiestader:

Stadiestad	2011	2012
Bø	137	157
Notodden	158	159
Porsgrunn	255	268
Rauland	14	15
Totalt	564	599

3 Plan for 2013

3.1 Plan for verksemda i 2013

Nedanfor følger HiT's plan for verksemda i 2013. Dei fullstendige risikovurderingane som er gjort følger av vedlegg 1, mens kortversjonen følger under det enkelte verksemdsmålet.

KD har i tildelingsbrevet for 2013 av 19.12.2012, ref. 12/6066-IMO, under pkt. 3.4 bede om at "...institusjonen i Rapport og planer (2012-2013) sørger for å gjøre tydelig hvilke tillegg og endringer som er gjort i tidlige vedtatte mål og styringsparametre." Forklaring til endringane blei i gjort i S-sak 8/13, vedlegg 4 til denne saka, og forklaring til hovudendringane er teke med under punkt 2.2.1.

HiT har som ein overordna strategi å vidareutvikle universitetsfunksjonane og oppnå universitetsstatus saman med Universitetet i Agder innan 2016.

Fram til 2014 skal HiT skal delta i eit institusjonelt forankra samarbeidsprosjekt med Universitetet i Agder med sikte på å utvikle og realisere konkrete fellestiltak av fagleg og administrativ karakter og å greie ut grunnlaget for fusjon eller utvida samarbeid mellom dei to institusjonane.

Verksemdsmål 1.1

HiT skal ha eit rikhaldig studietilbod både i breidd og nivå, og skal utdanne dugelege kandidatar som samfunnet har bruk for. Fagprofilen skal vere kjenneteikna av doktorgradsprogramma i teknologi, økologi og kultur, studieprogramma som står opp under desse, og profesjonsutdanningane.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskeolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.

Verksemdsmål 1.2

HiT skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming. HiT sine nettbaserte studietilbod skal vere blant dei beste i landet.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskeolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.

Kvantitative styringsparametrar til 1.1 og 1.2:

- a) Talet på førstevalssøklarar i Samordna opptak skal vere minst 2 950.
- b) Talet på studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar) skal vere minst 5 842.
- c) KD: Gjennomføring på normert tid skal vere minst 0,88.
- d) KD: Del uteksaminerte kandidatar av dei som vart tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare.
- e) Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent per år skal vere minst 47.
- f) Talet på studentar per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal vere om lag 19.
- g) Talet på eigenfinansierte nye 60-studiepoengseiningar skal vere minst 4 570.
- h) Talet på uteksaminerte mastergradskandidatar skal vere minst 130.
- i) Talet på uteksaminerte bachelorgradskandidatar skal vere minst 900.
- j) Talet på uteksaminerte kandidatar fordelt på følgjande prioriterte område skal vere minst slik dei går fram i parentes: sjukepleiarutdanning (100), vernepleiarutdanning (60), allmennlærerutdanning (40), førskolelærerutdanning (170) og ingeniørutdanning (180).

Kvalitativ styringsparameter:

KD: Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma. (Det vises til rapportering under punkt 2.1 s. 12 for denne styringsparameteren i 2013).

Fakultetsvise resultatkrav 2013:

	AF	EFL	HS	TF	Sum
60-studiepoengseiningar, jf. S-sak 109/12	1 660	1 462	770	678	4 570
Studentar (eigenfinansierte heiltidsekvivalentar)	2218	2003	884	737	5 842
Mastergradskandidatar	50	25	15	50	140
Bachelorgradskandidatar	260	270	190	180	900

Risikovurdering:

Risikotoleranse: Risikofaktorane knytte til Verksamds mål 1.1 og 1.2 er ikkje av akutt karakter (ingen raude felt). Utfyllande risikovurderingar følgjer av vedlegg 1.

Tiltak under 1.1 og 1.2:

- Utvikle ein strategi for HiTs satsing på e-læring.
- Kartlegge samanhengen mellom inntaks- og resultatkvalitet, avgrensa til bachelorgradsprogram.
- Forbetre systemet for oppfølging av utdanningsplanane.
- Revidere eksamens- og bachelorgradsforskriftene og arbeide ut ny mastergradsforskrift.
- Innføre nytt system for evaluering av infrastruktur og læringsmiljø.
- Revidere avvikssystemet.
- Innføre nasjonale malar for vitnemål og karakterutskriftar.
- Samle og lagre dokumentasjon av dei administrative systema FS, Fronter, Ephorus og Timeedit i Sharepoint.
- Vidareføre arbeidet med å sentralisere høgskolens studentopptak, slik at sentraliseringsprosessen kan fullførast i 2014.
- Starte arbeidet med retningsliner for arbeidsomfang på dei ulike studieprogramma.

Verksamds mål 1.3

Høgskolen i Telemark skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid som medverkar til auka utdanningskvalitet.

- Verksamds målet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnets behov.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Talet på utvekslingsstudentar (ut-/innreisande) skal vere minst 200, av dei 65 utreisande.
- b) Talet på tilsette som blir utveksla via programavtalar skal vere minst 10.
- c) Omfanget av framandspråklege utdanningstilbod målt i studiepoeng skal liggje på 900.

Risikovurdering:

Risikotoleranse: Det vil ikkje vere mogleg å få til utanlandsopphald på ein månad eller lenger dersom ikkje ekstrakostnadene ved utanlandsopphaldet blir dekte. Det vil ikkje vere mogleg å få til fleire framandspråklege tilbod dersom ikkje dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse til å undervise på eit framandt språk. Utfyllande risikovurderingar følgjer av vedlegg 1.

Tiltak:

- Auke talet på engelskspråklege studietilbod og på engelskspråklege enkeltemne i ordinære norske studieprogram.
- Etablere ein policy for internasjonalisering heime.
- Definere ein policy for spissing av avtaleporteføljen, arbeidet med strategiske nettverk og peike ut geografiske satsingsområde.
- Førebu tiltak for å møte nytt Erasmus-program frå 2014.
- Leggje til rette for eit internasjonalt semester i flest mogleg gradsprogram for å auke talet på utreisande studentar.

Verksemdsmål 2.1

HiT skal prioritere tverrfagleg og praksisnær forskning som står opp under høgskolens utdanningsprofil og som samstundes møter regionale og nasjonale kompetansebehov.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal i tråd med sin eigenart, utføre forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.

Verksemdsmål 2.2

Innan områda teknologi, økologi og kultur skal HiT drive forskning og forskarutdanning på høgt nasjonalt og internasjonalt nivå.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal i tråd med sin eigenart, utføre forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.

Kvantitative styringsparametrar til 2.1 og 2.2:

- a) Talet på avlagde doktorgradar tildelte av HiT skal vere 8.
- b) Talet på avlagde doktorgradar av personar HiT har arbeidsgjevaransvar for skal vere 12.
- c) Øyremerkte midlar til eigne doktorgradsprogram skal vere minst 15 mill. kroner.
- d) Stipendiatar på eigne doktorgradsprogram skal vere minst 52.
- e) Rekruttering til doktorgrad frå eigne masterstudentar skal vere minst 20.
- f) Talet på publikasjonspoeng skal vere minst 120.
- g) Publikasjonspoeng per undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling skal liggje på minst 0,3.
- h) Tildeling frå Forskringsrådet skal vere på minst 7 mill. kroner.
- i) Høgskolen skal delta i utarbeiding av minst 4 EU-søknadar.
- j) Talet på nye publikasjonar i TEORA skal vere minst 60.

Kvalitative styringsparametrar under sektormål 2:

KD: Resultatoppnåing i forskning i høve til høgskolens eigenart.
(Det vises til rapportering under punkt 2.1 s. 18 for denne styringsparameteren i 2013).

KD: Samspel mellom forskning og utdanning.
(Det vises til rapportering under punkt 2.1 s. 18 for denne styringsparameteren i 2013).

Fakultetsvise resultatkrav 2013:

	AF	EFL	HS	TF	Sum
Publikasjonspoeng	40	20	20	40	120

Måltal på stipendiatar per doktorgradsprogram i 2013:

	Økologi	Kultur	Teknologi	Sum
Stipendiatar	15	12	25	52

Risikovurdering:

Risikotoleranse: Risikofaktorane knytte til Verksemdsmål 2.1 og 2.2 er ikkje av akutt karakter (ingen raude felt). Utfyllande risikovurderingar følgjer av vedlegg 1.

Tiltak under 2.1 og 2.2:

- Innføre EUs Charter and Code.
- Gjennomgå organisering og kostnader ved doktorgradsprogramma.
- Vurdere samarbeidsmodellar mellom HiT, Tel-tek og Telemarksforskning.
- Intensivere deltakinga i internasjonale forskarskolar og forskarnettverk.
- Arrangere Forskar Grand Prix i Telemark saman med UiA.
- Vedta og setje i verk ein Open Access-politikk for høgskolen.

Verksemdsmål 3.1

HiT skal utvide og forsterke samarbeid og kontakt med samfunns- og næringsliv. M.a. gjennom sin desentraliserte struktur skal høgskolen stå fram i regionen som ein tydeleg og sjølvstøtt samarbeidspartnar.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal vere ein tydeleg samfunnsaktør og medverke til formidling, internasjonal, nasjonal og regionale utvikling, innovasjon og verdiskaping.

Verksemdsmål 3.2

Både gjennom utdanning, forskning og formidling skal HiT, m.a. saman med regionale aktørar, medverke til innovasjon og entreprenørskap.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal vere ein tydeleg samfunnsaktør og medverke til formidling, internasjonal, nasjonal og regionale utvikling, innovasjon og verdiskaping.

Kvantitative styringsparametrar til 3.1 og 3.2:

- a) KD: Inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert verksemd (BOA) (KDs definisjon) skal auke til minst 8 mill. kroner.
- b) Det totale omfanget av eksterne inntekter, dvs. alt utanom tildelt løyving over statsbudsjettet, skal vere minst 30 mill. kroner.
- c) Resultat av oppdragsfinansiert verksemd skal auke til minst 600 000 kroner.
- d) Talet på eigenfinansierte studentar i desentralisert undervisning og fjernundervisning skal auke til 950.
- e) Talet på studentføretak skal vere minst 20.

Kvalitative styringsparametrar under sektormål 3:

KD: Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.

(Det vises til rapportering under punkt 2.1 s. 20 for denne styringsparameteren i 2013).

KD: Fleksibel utdanning.

(Det vises til rapportering under punkt 2.1 s. 21 for denne styringsparameteren i 2013).

Fakultetsvise resultatkrav 2013:

	AF	EFL	HS	TF	Sum
Omfang eksterne inntekter (inkl. betalingskurs) (mill. kr)	9,5	7	4,2	9,3	30

Måltal på studentforetak per fakultet i 2013:

	AF	EFL	TF	Sum
Studentforetak	7	5	8	20

Risikovurdering:

Risikotoleranse: Risikofaktoren "For svak søkje- og akkvisisjonskompetanse" kjem fram som raud. HiT ligg svært lågt på dette området sett i høve til samanliknbare institusjonar i sektoren, og tiltak bør setjast i verk både for å redusere risikoen for ikkje å nå måлтаlet i 2013 og ikkje minst for å auke inntektene i komande år ut over måлтаlet. Utfyllande risikovurderingar følgjer av vedlegg 1.

Tiltak under 3.1 og 3.2:

- Utvikle ein samfunnskontrakt der gjensidige forventningar og forplikningar går fram i samarbeid med UiA og aktørar frå samfunns- og arbeidsliv.
- Setje i gang faglege samarbeidsprosjekt med vekt på innovasjon og verdiskaping i samarbeid med UiA og aktørar frå samfunns- og arbeidsliv.
- Etablere og aktivisere felles RSA for Telemark og Agderfylka.
- Profilere og styrkje satsinga på entreprenørskap innanfor både undervisning, FoU og samfunnskontakt.
- Medverke til å auke kommersialiseringa av forskingsresultat m.a. ved å søkje midlar til dette frå Noregs forskingsråd, gjennom samarbeidet med Universitetet i Agder om Technology Transfer Office, og gjennom industri-inkubatoren Proventia AS.
- Styrkje høgskolens deltaking i VRI og i regionale forskingsfond.
- Vidareutvikle retningslinjer og avtalar for handtering av immaterielle rettar for tilsette og studentar ved høgskolen.
- Lansere "Digitale telemarkskjelder".
- Arbeide ut tiltaksplan for å fremje fagleg samarbeid på tvers av fakultetsgrensene.
- Implementere nytt intranett og revidere eksisterande internettsider.

Verksemdsmål 4.1

Høgskolen i Telemark skal ha god strategisk styring og kompetanse- og ressursplanlegging som fremjar kvalitet og omstillingsevne.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med si samfunnsrolle.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Prosentdel kostnader til løn av totale kostnader skal ikkje vere over 68 %.
- b) Akkumulert rekneskapsmessig mindreforbruk skal reduserast med 10 mill. kroner.
- c) Areal per eigenfinansiert student skal ikkje vere over 14 m².
- d) Begge kjønn skal vere representert i høgskolens leiarstillingar med minimum 40 %.
- e) KD: Del mellombels tilsette skal ikkje vere over 0,23.

Kvalitativ styringsparameter:

KD: Langsiktig økonomisk planlegging.

(Det vises til rapportering under punkt 2.1 s. 24 for denne styringsparameteren i 2013).

Risikovurdering:

Risikotoleranse: Risikofaktoren "Høgare lønsauke enn forventa i budsjetta" kjem fram som den største risikoen. Risikoen blir rekna for å vere akseptabel. Utfyllande risikovurderingar følgjer av vedlegg 1.

Tiltak:

- Tematisere leiing som utviklingsverktøy på aktuelle fellesarenaer.
- Analysere studieporteføljen når det gjeld
 - økonomiberekning av studieprogramma
 - vurdering av studieprogramma mot kompetanse- og stillingsprofil ut frå NOKUT-krava
 - vurderingar av kapasitet knytt til bygningsmassen.
- Revidere Interne retningslinjer for eksternt finansiert verksemd ved HiT.
- Revidere høgskolens budsjettfordelingsmodell og disposisjonsreglement.
- Vurdere organisering og verktøy for betre verksemdsstyring, m.a. prosjektstyringsmetodikk.
- Vurdere dataverktøy og rutinar knytt til oppfølging av planverk og økonomi.
- Implementere ny beredskapsplan.
- Oppnå status som Fairtrade-høgskole.

Verksemdsmål 4.2

Høgskolen i Telemark skal ha høg fagleg kvalitet med høgt kompetente medarbeidarar og sterke og robuste fagmiljø, som i aukande grad skal utviklast på tvers av organisatoriske skilje.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med si samfunnsrolle.

Kvantitative styringsparametrar:

- a) Del førstestillingar av det totale talet på undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar (eksklusiv stipendiatar) skal vere minst 0,46.
- b) KD: Del kvinner i dosent- og professorstillingar skal vere minst 0,26.
- c) Del av kvinner i første- og toppstillingar (faste tilsette i årsverk) skal vere minst 0,33.

Kvalitativ styringsparameter:

KD: Robuste fagmiljø.

(Det vises til rapportering under punkt 2.1 s. 28 for denne styringsparameteren i 2013).

Fakultetsvise resultatkrav 2013:

	AF	EFL	HS	TF	HiT
Del førstestillingar per 01.10.13 (%)	64	34	34	66	46

Risikovurdering:

Risikotoleranse: Manglande innfriing av NOKUTs kompetansekrav er ikkje akseptabelt over tid. Risikofaktoren "For få tilsette i prosess til å kvalifisere seg til 1. og toppstillingar" er raud. Det er sett av ekstra midlar til interne ordningar for kompetanseopptrykk i 2013, men meir midlar må vurderast til dette i revidert budsjett 2013. Alderssamansetjinga innan nokre av HiTs sentrale fagområde er i dag ikkje tilfredsstillande. Det må vurderast ulike tiltak, t.d. erstatningsplanar, som kan medverke til å sikre dei aktuelle fagområda naudsynt kompetanse over tid. Utfyllande risikovurderingar følgjer av vedlegg 1.

Tiltak:

- Gjennomføre tiltaksplanen og setje av særskilte ressursar for å få raskare auke i prosentdelen første- og toppstillingar.
- Revidere arbeidsplanordninga og vurdere innføring av eit felles arbeidsplanverktøy.
- Undersøkje kor nøgde medarbeidarane er (fast undersøking).
- Peike ut nokre fagområde som skal greiast særskilt ut med tanke på auka samarbeid og samordning.

Verksemdsmål 4.3

Høgskolen i Telemark skal drive effektiv tenesteproduksjon med høg kvalitet i alle ledd.

- Verksemdsmålet skal bidra til sektormålet: Universitet og høgskolar skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med si samfunnsrolle.

Kvantitativ styringsparameter:

Høvetallet mellom vitskapleg og administrativt tilsette skal vere 2,40.

Tiltak:

- Vurdere organiseringa av økonomi- og personalfunksjonane i høgskolen.
- Vurdere organiseringa av innkjøpsfunksjonane i høgskolen.
- Implementere nytt arkiv- og saksbehandlingssystem.
- Greie ut ny telefoniløysning.
- Gå over til Microsoftplattform, derunder implementere Windows 7.
- Følgje opp avklarte ut- og ombyggingar i Porsgrunn, Notodden og Bø.
- Avklare eigarskap og fullføre forprosjekt for nytt studenthus i Porsgrunn.

3.2 Plan for tildelt løyving

HiT er gjeve ei grunnløyving på 582,28 mill. kroner. Dette er ein auke på 29,66 mill. kroner (5,4 %) i høve til grunnløyvinga for 2012, m.a. utgjer kompensasjon for løns- og prisvekst 18,236 mill. kroner (3,3 %). Auka studiepoengproduksjon gjev ein inntektsauke på 7,673 mill. kroner (1,4 %), og vidareføring av nye studieplassar frå tidligare år gjev ein auke på 3,837 mill. kroner (0,7 %). For 2013 har HiT fått ei eingongsløyving til vitskapleg utstyr til teknologi- og ingeniørutdanninga på 1,0 mill. kroner. Vidare har HiT fått eit kutt på 1,112 mill. kroner. Kuttet er lagt på heile sektoren, med varig verknad, for å finansiere vidareføring av stipendiatstillingar gjeve i Revidert nasjonalbudsjett 2009. Oppsummert tabellarisk kjem endringa i løyvinga frå 2012 til 2013 fram slik:

	Forslag til statsbudsjett 2013
Budsjett føregåande år, post 50-52	552 618 000
Løns- og prisvekstkompensasjon	18 236 000
Investeringsmidlar tekn/ingeniør	1 000 000
Kutt 0,02 % finansiering MNT-stipendiatar	-1 112 000
Tildeling studiepoeng	7 673 000
Endra FoU-komponent (RBO)	30 000
Heilårsverknad nye studieplassar gjevne tidligare	3 837 000
Statsbudsjettet forslag	582 282 000

Disponering av tildelt løyving i 2013, jf. fordeling i S-sak 116/12, går fram av tabellen under, fordelt på fakulteta, utdanning, FoU, marknad og fellestenestene. I tillegg gjev tabellen eit oversyn over dei hovudområda/-tiltaka som høgskolen set av midlar til, m.a. doktor- og mastergradsprogram, forskingsstipend og internasjonalisering.

Beløp i NOK 1000

Tiltak	Budsjett 2013	AF	EFL	HS	TF	Utd.	FoU	Marknad	FA, drift og IT
Tildeling HiT i framlegg til statsbudsjett	582 282								
Budsjettfordelingsmodellen									
Undervisningskomponent	96 169	31 407	33 833	16 070	14 859				
Forskningskomponent	22 628	6 686	6 285	2 589	7 068				
Basisløyving	164 052	48 575	59 275	31 360	24 842				
Overføring til tiltak	-2 700			-2 700					
Sum budsjettfordelingsmodellen	280 149	86 668	99 393	47 319	46 769				
Utdanning									
Doktorgrads- og masterprogram	16 430	6 300	1 600	800	7 730				
Andre utviklingstiltak	2 400		400			2 000			
Vidareføring nye studieplassar	16 369	1 686	7 678	4 057	2 948				
Andre øyremerkte tiltak	4 420		1 387	189	2 844				
Fellestiltak	2 110					2 110			
Utdanningsseksjonen	4 631					4 631			
Sum utdanning	46 360	7 986	11 065	5 046	13 522	8 741			
Forsking									
Senter for omsorgsforskning Sør	520			520					
Forskningsstipend	3 500						3 500		
Internasjonalisering	1 720	120					1 600		
Andre utviklingstiltak	2 020						2 020		
Stipendiatstillingar	15 956	5 076	1 813	1 813	5 076		2 178		
Andre øyremerkte tiltak	2 070	370					1 700		
Fellestiltak	340						340		
FoU-seksjonen	3 835						3 835		
Bibliotek	15 439						15 439		
Sum forskning	45 400	5 566	2 813	2 333	5 076	-	30 612		

Tiltak	Budsjett 2013	AF	EFL	HS	TF	Utd.	FoU	Marknad	FA, drift og IT
Samfunnskontakt									
Fellestiltak	4 530							4 530	
Marknads- og kommunikasjonsseininga	4 374							4 374	
Sum samfunnskontakt	8 904							8 904	
Forvaltning									
Større utstyrskjøp og vedlikehald	6 500	750	717	404	1 944		60		2 625
Andre utviklingstiltak	8 557								8 557
Øyremerkte tiltak	5 004		1 597	2 960	447				
Fellestiltak	12 876	187							12 689
Rektors stab	2 778								2 778
Direktørens stab	14 406								14 406
Husleige	94 500								94 500
Strøm/oppvarming	10 250								10 250
Anna drift	26 860								26 860
IT	19 738								19 738
Sum forvaltning	201 469	937	2 314	3 364	2 391	-	60	-	192 403
Sum kostnadsrammer	582 282	101 157	114 585	58 062	67 758	8 741	30 672	8 904	192 403
<i>Sum løyving - kostnadsrammer</i>	<i>0</i>								

Budsjettet for 2013 oppfattast som stramt. Auka studiepoengproduksjon i 2011 gjev likevel høgskolen auka økonomisk handlingsrom i 2013 i høve til det som låg til grunn i høgskolens langtidsbudsjett for perioden 2013 – 2017 (S-sak 130/11). Høgskolen har i fleire år arbeidd ut langtidsbudsjett for å sikre langsiktig økonomisk stabilitet, og at dei tiltaka som blir sette i verk er i samsvar med strategiar og mål. Fordelinga i 2013 er i hovudsak i tråd med fordelinga i langtidsbudsjett for perioden 2013 – 2017 (S-sak 130/11), og dei prioriteringane som der er lagde. Nedanfor følgjer kommentarar og grunngjevingar knytt til vesentlege postar/prioriteringar.

Prioriteringar knytte til å vidareutvikle universitetsfunksjonane og å oppnå universitetsstatus

HiT har som mål å utvikle universitetsfunksjonane vidare og å oppnå universitetsstatus. Strategien for å få til dette kjem m.a. til uttrykk i det treårige samarbeidsprosjektet med UiA. Høgskolen har sett av 2 mill. kroner til samarbeidsprosjektet med UiA i 2013 for å stø opp om denne målsetjinga. Høgskolen har også i fleire år sett av midlar til å utvikle og etablere master- og doktorgradsstudium. I 2013 er det sett av 16,4 mill. kroner til dette.

Prioriteringar knytte til utdanning

HiT har for 2013 ei målsetjing om at *"HiT sine nettbaserte studietilbod skal vere blant dei beste i landet."* I budsjettet for 2013 er det sett av 1,8 mill. kroner ekstra for å styrkje e-læring generelt og nettbaserte studietilbod spesielt. Høgskolen har i 2013 m.a. eit tiltak for å utvikle ein strategi for HiTs satsing på e-læring.

Fleire studentar skaper utfordringar når det gjeld bygningar og infrastruktur på studiestadene, jf. S-sak 119/05. Det vil bli betydelege kostnader til planlagde ut- og ombyggingar i både Porsgrunn, Notodden og Bø dei næraste åra. For å betre lokalitetane for studentane, og for å skape eit betre student- og arbeidsmiljø er det derfor prioritert vesentlege midlar til ut- og ombyggingar i 2013 og etterfølgjande år.

I Porsgrunn har det vore gjennomført vesentleg renovering/vedlikehald av bygningsmassa dei siste åra, men framleis er det bygg som har bruk for renovering/vedlikehald. Nybygg i Porsgrunn vil bli sett i gang i 2013. Det medfører auka husleige. Vidare er det behov for renovering/vedlikehald av bygg E. Statsbygg har gjort berekningar knytt til ei løysing der bygg E blir renoverert for å tilfredsstille arbeidsmiljøforskrifta. Renovering av bygg E blir planlagt sett i verk i 2014.

Leigeavtalen på bygg B og C på Notodden går ut 31.12.13. Høgskolen vurderer her behovet for lokale framover, og ser at det kan vere aktuelt å samle mest mogleg i hovudbygget. Dette vil vere positivt for studentane, dei tilsette, kantine osv. Det vil medføre at det må gjerast enkelte ombyggingar.

Nybygget i Drammen og Nye Kroa i Bø medfører varig auke av husleige.

Dei store prosjekta skal finansierast gjennom husleigeordninga. Auka husleigekostnader blir ein stor utgiftspost i langtidsperioden. I budsjettet for 2014 er det lagt inn ein auke i husleigekostnadene på 8,1 mill. kroner (eks. løns- og prisvekst) i høve til budsjettet for 2013. I budsjettet for 2015 aukar husleigekostnadene med ytterlegare 2,5 mill. kroner i høve til 2014. Ombyggingsprosjekta blir finansierte gjennom mellombels husleigeauke. Først i slutten av langtidsperioden, i budsjettet for 2018, blir husleigekostnadene mindre igjen.

Tabellen under syner kostnadene ved planlagde utbyggings- og ombyggingstiltak i perioden 2014 – 2018 (ekskl. prisvekst):

Tiltak	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Kommentarar
HUSLEIGEENDRINGAR							
Utgangspunkt, løpande avtalar	91 915						
Nybygg og fråflytting - varig husleigeendring							
Nye Kroa i Bø	400	1 200	1 205	1 210	1 215	1 215	Varig auke
Nybygg Porsgrunn	500	3 300	3 300	3 300	3 300	3 300	Varig auke
Nybygg Drammen	485	485	485	485	485	485	Varig auke
Studenthus Porsgrunn		500	1 000	1 000	1 000	1 000	Varig auke
Evt. fråflytting frå Notodden, bygg B og C			-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	Varig innsparing
Sum varige husleigeendringar	1 385	5 485	3 990	3 995	4 000	4 000	
Ombygging - mellombels husleigefinansiering							
Serviceorg Notodden (nedbetalt 4,5 år)	900	2 500	2 500	2 500	2 500	350	Nedbetalt i 2018
Bø, for master IØI (nedbetalt 11 år)	300	650	650	650	650	650	Nedbetalt i 2024
Notodden bygg B og C (nedbetalt 3,5 år)		2 000	6 000	6 000	6 000	1 000	Nedbetalt i 2018
Sum husleigefinansiering av ombyggingar	1 200	5 150	9 150	9 150	9 150	2 000	
Sum husleige	94 500	102 550	105 055	105 060	105 065	97 915	
OMBYGGING UTAN HUSLEIGEFINANSIERING							
Porsgrunn, bygg E (foreløpig)		2 000	3 000				
Sum ombygging utan husleigefinansiering	-	2 000	3 000	-	-	-	
Sum endringar	2 585	12 635	16 140	13 145	13 150	6 000	

Når det gjeld inventar og utstyr i nybygde og ombygde lokale, er det usikkert kva kostnader som vil kome i langtidsperioden. I budsjettet for 2013 er det lagt inn 5,8 mill. kroner til inventar og utstyr i nybygde og ombygde lokale. I langtidsbudsjettet er det vidare lagt inn 800 000 kroner til inventar og utstyr i Bygg E i Porsgrunn i budsjettet for 2015.

Prioriteringar knytte til FoU

Forskningsinnsatsen blir styrka gjennom at potten til forskingsstipend aukar frå 1,45 mill. kroner i 2012 til 3,5 mill. kroner i 2013. Øyremerkte små driftsmidlar aukar frå 1,55 mill. kroner i 2012 til 1,7 mill. kroner i 2013. I tillegg er det sett av 0,6 mill. kroner for å støtte prosessar knytte til EU-søknader.

Disponering av tildelt løyving spesifisert på ulike tiltak i 2013 og med endring frå 2012, jf. fordeling i S-sak 116/12, går fram av følgjande tabell:

Beløp 1 000 kroner

Formål	Budsjett 2013 S-sak 116/12	Budsjett 2012 S-sak 129/11	Endring
1. UTDANNING			
1.1. Utviklingstiltak			
Universitetssetting			
Doktorgradsstudium i kulturstudiar	3 400	1 600	1 800
Doktorgradsstudium i prosess-, energi- og automatiseringsteknikk	7 730	7 500	230
Doktorgradsstudium i økologi	3 400	3 084	316
Mastergradsstudium i fleirkulturelt førebyggjande arbeid med barn og unge	800	800	-
Mastergradsstudium pedagogikk med vekt på didaktikk og leiang	800	400	400
Mastergradsstudium i økonomi og administrasjon	300		300
Delsum	16 430	13 384	3 046
Andre utviklingstiltak			
E- læring	1 800	290	1 510
Evaluering av nettbasert grunnskolelærerutdanning	400		400
Kvalitetssikringssystem	200	300	(100)
Delsum	2 400	590	1 810
Sum utviklingstiltak	18 830	13 974	4 856
1.2 Øyremerkte tiltak			
Desentralisert høyskoletilbod	1 576	1 526	50
Forkursklasser ingeniøruddanninga	2 844	2 753	91
Vidareføring av nye studieplassar, basisfinansiering	16 369	14 421	1 948
Sum øyremerkte tiltak	20 789	18 700	2 089
1.3 Fellestiltak			
Handlingsplan for studentar med nedsett funksjonsevne	50	50	-
Kurs for studenttillitsvalde	85	82	3
Sosialrådgjevingsteneste og læringsmiljø (SiTel)	1 130	1 100	30
Studentorganisasjonen i Telemark (SoT)	760	737	23
Studentpresttenesta	15	15	-
Klagenemnda	50	50	-
Skikkethetsnemnda	20	20	-
Sum fellestiltak	2 110	2 054	56
1.4 Utdanningsseksjonen			
Lønskostnader	4 503		4 503
Andre driftskostnader	128		128
Sum Utdanningsseksjonen	4 631	-	4 631
SUM UTDANNING	46 360	34 728	11 632

Formål	Budsjett 2013 S-sak 116/12	Budsjett 2012 S-sak 129/11	Endring
2. FORSKING			
2.1. Utviklingstiltak			
Senter for omsorgsforskning Sør	520	500	20
Forskningsstipend	3 500	1 450	2 050
Internasjonalisering	1 720	1 351	369
Kina-samarbeidet	270	260	10
Stimuleringsmidlar for ekstern verksemd	1 000	900	100
Støtte for å søkje EU-midlar	600		600
Stimulering av vitenskapleg publisering	150	100	50
<i>Skriftserie ved HiT - utgår</i>		40	(40)
<i>Forskingsklynger (stimuleringsmidlar NFR) - utgår</i>	-	2 126	(2 126)
Sum utviklingstiltak	7 760	6 727	1 033
2.2 Øyremerkte tiltak			
Senter for kultur- og idrettsstudiar	135	131	4
Små driftsmidlar	1 700	1 552	148
Stipendiatstillingar	15 956	15 448	508
Stipendiat innan marine sediment, delfinansiering samarbeidsprosjekt	235		235
Sum øyremerkte tiltak	18 026	17 131	895
2.3 Fellestiltak			
Forskningsdagane inkl. Forskar Grand Prix	260	112	148
Karrieredagen	80	60	20
Sum fellestiltak	340	172	168

Formål	Budsjett 2013 S-sak 116/12	Budsjett 2012 S-sak 129/11	Endring
2.4 FoU-seksjonen			-
Lønskostnader	3 729		3 729
Andre driftskostnader	106		106
Sum FoU-seksjonen	3 835	-	3 835
SUM FOU (eks. biblioteket)	29 961	24 030	5 931
2.5 Bibliotek			-
Desentralisert bibliotek	400	306	94
Lønskostnader	10 446	9 337	1 109
Andre driftskostnader	4 593	4 349	244
Sum Biblioteket	15 439	13 992	1 447
SUM FOU	45 400	38 022	7 378
3. SAMFUNNSKONTAKT			-
3.1 Fellestiltak			-
Informasjonsteneste	850	300	550
Intranettprosjektet	300		300
Marknadsføringskampanje studentrekruttering	2 525	2 525	-
Studentrekruttering	820	797	23
Studiestart	35	35	-
Sum fellestiltak	4 530	3 657	873
3.2 Marknads- og kommunikasjonseininga			-
Lønskostnader	4 229		4 229
Andre driftskostnader	145		145
Sum Marknads- og kommunikasjonseininga	4 374	-	4 374
SUM SAMFUNNSKONTAKT	8 904	3 657	5 247

Formål	Budsjett 2013 S-sak 116/12	Budsjett 2012 S-sak 129/11	Endring
4. FORVALTNING			-
4.1. Utviklingstiltak			-
Utgreiing UIA, 3-årig prosjekt	2 000	1 800	200
Reserve	1 000	674	326
Førstelektorprogram	130	130	-
Kompetanseutviklingsplan	700	717	(17)
Studiepermisjon	340	330	10
Likestilling	100	100	-
Omstillingspakker (avtalar)	1 170		1 170
Seniorpolitikk	150	530	(380)
Seniorstipend	100		100
Større utstyrskjøp og vedlikehold	6 500	5 000	1 500
Inventar og utstyr i samband med ut- og ombygging	2 867	3 250	(383)
Sum utviklingstiltak	15 057	12 531	2 526
4.2. Øyremerkte tiltak			-
Generell støtte til HS	2 700		2 700
Omstillingsmidlar EFL	277	277	-
Organisasjonsutvikling og arbeidsmiljøtiltak HS	200		200
Kompensasjon for redusert utteljing i forskingskomponenten 2010 - 13	1 767		1 767
Skikkethetsansvarleg	60		60
Sum øyremerkte tiltak	5 004	277	4 727
4.3 Fellestiltak			-
Fellesdrift diverse	183	180	3
Felles reiseutgifter	305	300	5
Hovudverneombod og verneombod	495	476	19
Kompensasjon for rett til forskning og fagleg oppdatering	1 082	3 223	(2 141)
Kompensasjon for tillitsvalde	1 225	1 181	44
Kjøp av løns- og økonomitenester	460	410	50
Kunngjeringar	619	600	19
Leiingsinformasjonssystem	200		200
Lærlingordninga	1 010	946	64
Personalarrangement	150	110	40
Personalkantiner	430	416	14
Styret	1 000	996	4
Systemavgifter og andre avtalar	5 350	4 200	1 150
Universitets- og høgskolerådet	160	132	28
Velferdsutvala	207	200	7
Sum fellestiltak	12 876	14 589	(1 713)

Formål	Budsjett 2013 S-sak 116/12	Budsjett 2012 S-sak 129/11	Endring
4.4 Rektors stab			-
Lønnskostnader	2 684		2 684
Andre driftskostnader	94		94
Sum Rektors stab	2 778	-	2 778
4.5 Direktørens stab			-
Lønnskostnader	12 879		12 879
Andre driftskostnader	1 527		1 527
Lønnskostnader "FA" 2012		27 771	771
Driftskostnader "FA" 2012		2 358	(2 358)
			(15)
Sum Direktørens stab	14 406	30 129	723
4.6 Drift			-
Husleige	94 500	91 568	2 932
Strøm/oppvarming	10 250	11 945	(1 695)
Løn	18 070	17 357	713
Andre driftskostnader (korrigert for driftsinntekter)	6 990	8 657	(1 667)
Investeringar	1 800		1 800
Sum Drift	131 610	129 527	2 083
4.6 IT			-
Løn	11 652	9 801	1 851
Andre driftskostnader	5 284	8 397	(3 113)
Investeringar	2 802		2 802
Sum IT	19 738	18 198	1 540
SUM FORVALTNING	201 469	205 251	(3 782)
SUM TILTAK OG REALBUDSJETERTE EININGAR	302 133	281 658	20 475
<i>Tildeling HiT i forslag til statsbudsjett</i>	<i>582 282</i>	<i>552 618</i>	<i>29 664</i>
<i>Til fordeling til fakulteta:</i>	<i>280 149</i>	<i>270 960</i>	<i>9 189</i>

Tiltaka er i all hovudsak vidareførte i langtidsperioden 2014 – 2018, jf. S-sak 117/12. Styret meiner planane og prioriteringane er i samsvar med måla for sektoren, og HiTs føresetnadar og strategiar.

Vedlegg

- 1. Skjema for risikovurdering**
- 2. Evaluering av førskolelærerutdanninga ved Høgskolen i Telemark
- Rapport**
- 3. Kartleggings skjema studentkapasitet**
- 4. S-sak 8/13 – Årsplan for Høgskolen i Telemark 2013**